

## «Lat det som hagen bløma»

Fedrelandssalmen fyller 130 år i år. Anders Aschim skriv om salmen og korleis han har samla nasjonen Noreg.

SIDE 10–13



## Digitalt landsmøte

Landsmøtet i Noregs Mållag blir digitalt.  
– Nytt og spennande for oss alle, seier nestleiar Synnøve Marie Sætre.

SIDE 24



## Betre lærar-utdanning

Lærarutdanningane vil gje alle studentane nynorskopplæring.  
– Stoda har ikkje vore god nok, seier fleire av dei.

SIDE 14–15

# Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 4

oktober 2020

Foto: Kåre Strandeb



Foto: Geir Helge Skattebo

## Bokmål i bakhand

På nynorskskular er det ganske vanleg å finne spreidde bokmålselevar i klassane. Norsk Tidend har undersøkt kvifor det er slik.

SIDE 4–6



Foto: Åslak Ringhus



Foto: Anders Moen Kaste / Telen



## Randsonekrisa

**NT** Å vere nynorskelev i Noreg er vanskeleg. Å vere nynorskelev mange stader i randsoneiene er så hardt at det vil vere eit under om ungane her vel å skrive nynorsk når dei får velje sjølve. Ein ting er at ein god del vaksne i randsoneiene ikkje skriv nynorsk, sjølv om dei har hatt det som opplæringsmål. Noko anna, og meir alvorleg, er at styresmaktene bidreg til å gjere opplæringsituasjonen vanskeleg for desse elevane.

**NT** Vi veit at mange lærarar ikkje kan nynorsk etter lærarutdanninga, og dette råkar elevane i dei, til dels grisgrendte, randsoneiene tett på bokmålsområde ekstra hardt. I tillegg opnar opplæringslova for at foreldre kan velje bokmål i alle lærebøker utanom i norsk, ein rett som blir nytta. Kanskje er det difor ikkje så rart at kommunane meiner at somme elevar har det best med bokmål. Vi kan likevel ikkje ta ifrå kommunane det sjølvstendige ansvaret som ligg i å leggje til rette for god skriveopplæring på nynorskskulanane. Når klassane får stadig fleire elevar som skal ha bokmålsopplæring, blir den nynorske læringskulturen svakare og svakare, og vegen til skulemålsskifte kort.

**NT** No må vi brette opp erma både lokalt og sentralt og stå opp for alle nynorskområda våre. Å ignorere det nynorske randsoneproblemene er ikkje berre eit svik mot elevane i desse områda, men eit svik mot det norske språksamfunnet.

ASTRID MARIE GROV

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Astrid Marie Grov,  
astrid.grov@nm.no,  
tlf. 23 00 29 32

**I redaksjonen:**  
Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** [www.nm.no](http://www.nm.no)

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
[smia@spraksmia.no](mailto:smia@spraksmia.no)

# Språklovgjevinga må styrkje nynorsken!

**HAUSTEN ER KOMEN**, og eit nytt skuleår er i gang. Frå og med august vart fagfornyinga innført på dei fleste klassestega, og med fagfornyinga fylgjer nye læreverk, og me veit så nderleg vel kva det tyder – fleire lærebøker på nynorsk er forseinka. Det skjer gong på gong, og nynorskskulanane må velje mellom å vere utan lærebøker nokre månader eller å kjøpe inn bokmålsbøker. Det er verkeleg ikkje haldbart, og ein skulle tru at forlaga hadde lært litt av tidlegare rundar med utskifting av lærebøker.

**I TILLEGG TIL** at fleire lærebøker er forseinka frå forlaga, har det kome nye språkdelte lærebøker i norskfaget som ikkje held mål. Desse lærebøkene er felles for nynorskelevar og bokmålelevar og skal veksle mellom språka slik at elevane kan oppnå kompetanse i både. Problemet er berre at i nokre av desse bøkene er over 70 % av innhaldet på bokmål. Det gagnar verken nynorskelevar som skal bli trygge i hovudmålet sitt eller bokmålelevar som treng å bli eksponerte for sidemålet sitt. Her må språkdelinga vere jamnare, og skal det vere ei skeivfordeling, må det vere i nynorskens favør.

**SAMSTUNDENES SKORTAR DET** på digitale lærermiddel på nynorsk. Med koronavår og heimeskule vart undervisninga i norske skular digitalisert i rekordfart. Lærarar og elevar landet over kasta seg ut i det, og mange nye digitale ressursar vart teknike i bruk. Frå før sit mange nynorskelevar med nett-brett fulle av gode appar for leseopplæring, skri-veopplæring, rekning og kva enn ein måtte ynskje, men få av appane finst på nynorsk. Bokmål ser dei nok av, og eit krav om at nynorskelevane skal få ei like god opplæring i språket sitt digitalt som bokmålelevane, burde vere sjølv sagt. Lovgjevinga heng ikkje med den digitale utviklinga, og ansvarret for digitale lærermiddel på nynorsk vert pulverisert. Der styresmaktene for lengst burde teke ansvar for at også digitale lærermiddel skal vere

### NT LEARTEIGEN



SYNNØVE MARIE SÆTRE  
*nestleiar i Noregs Mållag*

på plass til same tid og same pris som lærermiddla på bokmål, har dette blitt ein kamp foreldre, lærarar og kommunepolitikarar må ta. Eitt av dei viktigaste krava våre til den nye opplæringslova er at ho må sikre retten til digitale lærermiddel på nynorsk.

**NÅR EIN MÅ** kjempe for at språkrettane til nynorskelevane skal bli fylgt opp, noko som burde vere heilt sjølv sagt, er det ekstra provoserande når politikarar kring om i landet gjer kåra for nynorsk og nynorskbrukarane endå dårlegare. I Kristiansand vart det nett fleirtal i bystyret for å søkje om eit karakterforsøk der 10. klasse ikkje skal ha eigen sidemålskarakter. Dette skjer knappe fire veker etter at det nye karaktersystemet som fylgjer fagfornyinga, tredde i kraft. Her har elevane allereie felles skriftleg karakter i 8. og 9. klasse. Ein konsekvens av eit slikt forsøk vil vere at elevane går heile skulelopet fram til vg3 utan eigen sidemålskarakter. Me veit at utan eigen karakter, får sidemålet mindre plass i undervisninga, og det vil vere å svekkje nynorsken. Det finst ingen gode grunnar for at eit slikt forsøk skal godkjennast.

**I MØRE OG ROMSDAL** vil politikarane i fylkestinget endå eit gong greie ut om administrasjons-språket i fylket, berre fire år etter førre gong. Då sigra nynorsk. Fylket er ein viktig tekstproduzent, halvparten av elevane i fylket er nynorskbru-



Illustrasjon: Kjartan Helleve

karar, og nynorsken har lange og sterke tradisjonar i fylket. Noko anna enn nynorsk administrasjons-språk i Møre og Romsdal er uaktuelt. Eit overordna prinsipp i framlegget til ny språklov er at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje bruk av nynorsk, og at dette er noko ein må ta særleg omsyn til når ein skal utvikle politikk og regelverk. Dette er eit ansvar fylkespolitikarane i Møre og Romsdal er nøydde til å ta.

**ALT DETTE SYNER** oss kor viktig det er med ei god språklovgjeving som sikrar ei reell jamstilling mellom språka. I løpet av hausten skal ny språklov handsamast og vedtakast i Stortinget. I tillegg er ny opplæringslov på trappene, og me arbeider hardt for at desse lovene skal fremje og styrke nynorsk. Eit godt lovverk er avgjerande, men ikkje nok i seg sjølv. Me er avhengige av at det vert fylgt opp, og at viljen til å gje nynorsken og nynorskelevane gode kår er på plass. Då treng me målfolk som seier klårt og tydeleg ifrå når ikkje alt er som det skal. Me treng ei sterkt målrørsle med slagkraft. Då er det flott å kunne vise til medlemsvekst i Mållaget. Me har no fleire medlemer enn på same tidspunkt i fjar, og det gjer at me i år kan satse endå større. 14 000 medlemer innan året er omme er målet, og det vil gje oss endå større slagkraft i dei mange viktige kampane me skal ta framover!

*Eitt av dei viktigaste krava våre til den nye opplæringslova er at ho må sikre retten til digitale læremiddel på nynorsk.*

## nt SAGT

Du skjønner at #nynorsk er et vakkert språk en bokmål, når du ringer til sikkerhetsposten på et psykiatrisk sykehus på Vestlandet, når han som tar telefonen svarer med «Eininga for tryggleik».

**@BNMeling på Twitter**

Om me skal vinna over riksmålet, må me bli fleire! Me kan ta ein for laget og formeira oss i kveld, du og eg.

**@nynorsk\_tinder på Instagram**

Hvis nynorsk er Guds eige mål, lever jeg i synd med glede.

**Kommentator Anne Rokkan i Bergens Tidende**

Jeg var på tinderdate med ei som hadde akkurat sånn dialekt som du skriver på, å jeg må si det er noe av det sexigste som finns.

**@nynorsk\_tinder på Instagram**

Då eg skulle lese det eg hadde skrive i avis, såg eg at dokke hadde oversatt teksten min frå nynorsk til bokmål. Kvifor det?

**Selma (10), som har sendt inn tekst til Aftenposten Junior**

– Ein glipp.

**Redaktør Mari Midstigen i Aftenposten Junior om omsetjinga av teksten til Selma (10)**

Hva vil du det skal stå på gravsteinen din?

– Samme det, så lenge det står på nynorsk.

**Venstrepolitikar Sveinung Rotevatn i intervju i Aftenposten**

Då eg fann Erlend Loe si vesle bok «Naiv. Super.» i skulebiblioteket på Strandebarm ungdomsskule i 1996 bestemte eg meg for å lære meg bokmål og har aldri angra på det.

**@Knutsdotter82 på Twitter**

Stemmer det at bassenget på Paradise heter rotevatn på nynorsk?

**@Hans\_Vang på Twitter**

Har prøvd å få endra alle språkinnstillingane på jobb-pc-en frå bokmål til nynorsk. Trur han blei sur, for no er alt på dansk.

**@IngjerdL på Twitter**

Når Ålesund kan bli Årets nynorsk-kommune, då kan alt skje.

**Are Kalvø**

Eg reagerer mest på at det kjem fram at @danielkvammen drakk te med VG. Målsaka er bygd på kaffi.

**@tokvamfinn i kommentar på Instagram**

Ein nynorskskule er ikkje lenger ein nynorskskule. Somme stader i dei nynorske ransonene er det snarare regelen enn unntaket å finna **bokmålselevar** spreidde rundt i klassane. Kvifor har det blitt slike?

# Med bokmå

*– I mange tilfelle er det etter ønske frå foreldra at elevane får lærebøker på bokmål, som dei jo har rett på etter opplæringslova.*

Gabrielle Becker,  
kommunalsjef for oppvekst  
i Etnedal kommune

**OFFENTLEG OG FRITT** tilgjengeleg statistikk avslører kor mange bokmåls- og nynorskelevar det er på dei einskilde skulane og klasestega i Noreg. Kommunen som skuleigar melder sjølv inn tala til sentrale styresmakter. Statistiken går tilbake til 1991 og seier mykje om utviklinga for nynorsk som skolemål i landet.

*Norsk Tidend* har etter undersøkingar ved eit spreidd utval skular funne ein viktig skilnad mellom bokmållskular og ein god del nynorskskular. På skular med bokmål som opplæringsmål er det svært, svært sjeldan å finna nynorskelevar. Men på nynorskskular er det somme stader – særleg i dei nynorske ransonene – snarare regelen enn unntaket å finna bokmålselevar. Dette skjer trass at det som hovudregel ikkje er lov å blanda bokmåls- og nynorskelevar i same klassen.

*Norsk Tidend* har undersøkt med nokre av skulane kvifor dei har elevar registrerte med bokmål som språk i GSI-registeret («Grunnskolenes informasjonssystem»). Kartlegginga avslører fleire ulike årsaker:

- ◆ Elevane har hovudsakleg lærebøker på bokmål, men skal læra nynorsk.
- ◆ Skulen har kommunalt vedtak om at elevane grunna særlege omstende, til dømes lærevanskar, skal ha bokmålsopplæring.
- ◆ Skulen har ein praksis om at elevar med særskild norskopp-læring e.l. skal ha opplæring på bokmål.
- ◆ Elevane er tilflytta frå ein bokmålskrins, og held fram med bokmål.
- ◆ Elevane/foreldra får velja å ha opplæring på bokmål sjølv om dei går på ein nynorskskule.

## Lærebøker på bokmål

På Etnedal skule i Valdres var 32 av 101 elevar på barnesteget, altså ein knapp tredel, registrerte med bokmål som opplæringsmål



**LÆREBØKER PÅ BOKMÅL:** Nesten ein tredel av elevane ved Etnedal skule står oppført med bokmål som målform i GSI. Elevane har lærebøker på bokmål, men det er nynorsk som er opplæringsmålet deira, seier kommunalsjef for oppvekst Gabrielle Becker.

Foto: Kåre Strand

skuleåret 2019/2020. Kommunalsjef for oppvekst Gabrielle Becker opplyser at desse elevane har læremiddel og får nasjonale prøver på bokmål, og difor blir registrerte i GSI som bokmålselever. Men det er nynorsk som er opplæringsmålet deira.

– Dei elevane som har undervisningsmateriell på anna målform i nokre fag enn hovudmålfoma på trinnet, har fått det av særskilde omstende. Nokre har sakkunnig vurdering, nokre er framandspråklege og nokre treng tilrettelegging på grunn av andre særlege tilhøve.

På spørsmål om det er ein pedagogisk fordel for elevane å ha læremiddel på ei anna målform enn den dei skal læra, seier Becker at det ikkje alltid er kommunen si avgjerd.

– I mange tilfelle er det etter ønske frå foreldra at elevane får lærebøker på bokmål, som dei jo har rett på etter opplæringslova. Generelt tilrar vi undervisnings-

materiell i hovudmålfoma. Dette er ein del av vurderinga i den einskilde saka.

Becker seier at all tavleundervisning og annan informasjon til elevane blir gjeve på nynorsk ved Etnedal skule.

Etnedal kommune er ikkje aleine om å ha elevar med lærebøker på bokmål, men nynorsk som opplæringsmål. I Øystre Slidre, lenger nord i Valdres, var kring 10 % av elevmassen på Rogne skule registrert med bokmål som målform førre skuleår. Kommunalsjef Rolf Stalenget seier, etter å ha undersøkt saka, at desse elevane har lærebøker på bokmål, men nynorsk som opplæringsmål. Han meiner sjølv kommunen burde registrert dei som nynorskelevar.

– Nokre foreldre opplever betre moglegheit til å hjelpe borna sine med skularbeidet når lærebøkene er på bokmål. Desse elevane er registrerte med målform bok-

# libakhand



**BOKMÅL FOR INNVANDRARAR:** Ved Tokke skule har ikkje framandspråklege elevar nynorsk som opplæringsmål fordi norskopplæringa for vaksne innvandrarar er på bokmål.

Foto: Aslak Ringhus

mål, men skulle vore registrerte med nynorsk.

## Bokmålsopplæring etter vedtak frå kommunen

Medan lærebøker på bokmål er ein rett foreldre/elevar på nynorskskular har, er i utgangspunktet ikkje bokmål som opplæringsmål det. Men i somme kommunar, særleg i dei nynorske randsonene, blir det like fullt gjort vedtak eller gjort vurdering om bokmål for elevar som går på nynorskskular. Det gjeld først og fremst elevar som blir vurderte til å ha ulike former for lærevanskar / samansette vanskar, eller elevar med særskild språkopplæring (framandspråklege). Vedtaka blir gjorde av kommunen, ofte PP-tenesta (pedagogisk-psykologisk teneste). Denne praksisen er ikkje nedfelt i noko regelverk. *Norsk Tidend* kjenner like fullt til at han er etablert i fleire kommunar, og at han har gått føre seg ein del år.

I Sør-Aurdal kommune, også



**KOMMUNALSFJEF:** Inger Randi Islandsmoen Kleven er kommunalsjef for oppvekst i Sør-Aurdal kommune.

Foto: Arne G. Perlestenbakken

i Valdres, var kring 13 prosent av elevmassen på nynorskulen Bagn registrert med bokmål som opplæringsmål. Her kan avgjerd om bokmål for enkeltelevar skje etter vurdering frå PP-tenesta, og blir då gjord som enkeltvedtak, opplyser kommunalsjef Inger Randi Islandsmoen Kleven.

– Dersom elevar har samansette vanskar, kan det skje at PP-tenesta skriv i den sakkunnige vurderinga at

eleven vil profittera på eit skifte av hovudmål.

Det er ingen tvil om at det er nynorsk som er hovudmålet ved skulen, seier kommunalsjefen.

– Det blir undervist på nynorsk, og vekeplanane og informasjon heim er på nynorsk. Det blir tilpassa til dei elevane som har bokmål.

Talet på elevar som har bokmålsopplæring, har auka markant ved Bagn skule dei siste ti åra. I åra frå 2010 til 2015 galdt det maksimalt vel 2,5 prosent av elevane, medan talet var 13 prosent for førre skuleår. Kleven ynskjer ikkje å gå meir inn på årsaka til auken av omsyn til elevane. Ho har ikkje svara på om ho vil utelukka at årsaka til auken er at skulen/PP-tenesta har endra praksis.

## – Bokmål så foreldra kan hjelpe dei

På Sauland skule i Hjartdal i Aust-Telemark har ein knapp fjerdedel av elevane bokmål som opplærings-

– Kommune-  
styret har vedteke  
at vaksenopp-  
læringa skal vera  
på bokmål. Då  
er det naturleg at  
borna også får  
bøker på bokmål.

*Finn Arne Askje,  
kommunalsjef for oppvekst  
i Tokke kommune*

**NYNORSK FOR INNVANDRARAR:**

Opplæringa i nynorskområde bør vera på nynorsk både for born i skulen og i vaksenopplæringa, meiner nestleiar i Noregs Mållag Synnøve Marie Sætre.

Foto: Dina Rygg Eide



*– Det seier seg sjølv at å læra seg eit språk med lærebok på eit anna, ikkje er særleg heldig pedagogisk. Skal ein bli trygg i språket sitt, må ein eksponerast for det så mykje som mogeleg.*

*Synnøve Marie Sætre,  
nestleiar i Noregs Mållag*

språk, i stor grad av same grunn som i Sør-Aurdal. Kommunalsjef Unni Lunde seier kommunen i somme tilfelle gjer enkeltvedtak for ein elev, der bokmål som opplæringsspråk er eit av tiltaka.

– Desse elevane får til dømes spesialundervisning knytt til lese- og skrevenskar. Slike vedtak kan bli aktuelt dersom eleven har eit bokmålsnært talemål og samstundes strevar med skriveopplæringa.

Bokmålselevane kan i tillegg vera elevar med rett til særskild språkopplæring, eller elevar som har flytta til kommunen. Men det er nynorsk som er hovudmålet ved skulen, seier Lunde.

– Det blir nytta i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid, på tavla og i timeplanar.

Hjartdal kommune er ikkje aleine om å praktisera at elevar som kjem tilflyttande, held på bokmål. *Norsk Tidend* har fått opplyst at det skjer i fleire andre kommunar.

Også bokmålsopplæring for framandspråklege er vanleg fleire stader. Ein del nynorskkommunar vel å gje vaksne innvandrarar norskopplæring på bokmål. På Tokke skule i Vest-Telemark er dét grunngjevinga for at flyktningar eller elevar frå andre land har norskopplæringa si på bokmål.

– Kommunestyret har vedteke at vaksenopplæringa skal vera på bokmål. Då er det naturleg at borna også får bøker på bokmål, slik at foreldra kan hjelpe elevane, seier kommunalsjef Finn Arne Askje.

Askje seier at desse elevane får norskopplæringa si i eigne grupper, men elles følgjer den ordinære undervisninga.

– Tavleundervisninga og andre meldingar til elevane er på nynorsk ved Tokke skule.

#### **Ulovleg?**

I *Norsk Tidend* 3/2020 stod det om skular i Hemsedal der nynorskelever var bokmålselevar

går i lag utan at det ligg føre spesielle grunnar til at somme har bokmål. Ein slik praksis utviklar seg anten fordi enkeltelevar har teke til med bokmål, eller fordi kommunen har valt å la vera å oppretta parallelklasser når minst 10 foreldre krev bokmålsopplæring, ein rett dei har etter opplæringslova. Språkblandinga er ikkje lovleg, men skjer like fullt i fleire kommunar.

Men kva med praksisen om å gje enkeltelevar bokmålsundervisning fordi kommunane meiner dei har gode grunnar, som lærevanskar eller særskilt språkopplæring? Er det lov? Det er eit uklart spørsmål. Sidan opplæringslova føreset at bokmåls- og nynorskelever skal haldast skilde på barnesteget, kan kommunale vedtak eller praksisar om å vedta at enkeltelevar skal ha bokmålsopplæring, koma i konflikt med lovverket.

*Norsk Tidend* har bede Utaningsdirektoratet om ei lovtolking og fått til svar at dei ikkje kjenner til denne praksisen og dermed ikkje har teke stilling til spørsmålet. Direktoratet seier dei vil koma med ei avklaring, men at dei treng tid for å greia ut saka.

#### **Skeptis i Mållaget**

Nestleiar i Noregs Mållag Synnøve Marie Sætre er skeptisk til at ein praksis om bokmålsopplæring får breia om seg.

– Det er svært uheldig når det går frå å vera unntaksvise enkeltilfelle til å vera ein utbreidd praksis. Det kan verka som om ein prøver å løysa eit stort og komplekst problem på ein lettint måte. At det også berre skjer frå nynorsk til bokmål, syner tydeleg korleis det mindre brukte språket i mange tilfelle vert behandla og kor mange slike «usynlege» åtak det vert utsett for. Eg trur

ikkje nokon lærar i Lofoten ville koma på idéen om å gå over til nynorskopplæring fordi det er nærmare talemålet.

Retten til lærebøker på bokmål for nynorskelever bør takast vekk, meiner Sætre.

– Det seier seg sjølv at å læra seg eit språk med lærebok på eit anna, ikkje er særleg heldig pedagogisk. Skal ein bli trygg i språket sitt, må ein eksponerast for det så mykje som mogeleg. Det gjeld særleg for elevar med nynorsk opplæringsmål, sidan dei ikkje ser like mykje av språket sitt rundt seg elles i kvardagen, og då er lærebøker på opplæringsmålet sjølvsagt. Oppøvinga av lese- og skrivendegleik i nynorsk blir oppøvd i alle fag, ikkje berre norsk, og difor bør opplæringslova endrast på dette punktet.


Sætre meiner det er best for både elevane og nynorskkulturen ved skulen og i lokalmiljøet at talet på bokmålselever ligg på eit minimum. Ho meiner flyttingar òg bør læra nynorsk på nynorskskular.

– Det er ein føremon å læra seg språket som blir brukt der ein bur. Det gjeld både for unge og vaksne, og såleis bør opplæringa i nynorskområde vera på nynorsk både for born i skulen og i vaksenopplæringa.

Sætre meiner skriveopplæringa til elevane i ransonene er særleg utsett, av fleire grunnar.

– Vi veit at mange lærarar ikkje får god nok opplæring i nynorsk, og det råkar særleg ransonene. No ser vi i tillegg at nynorskklassane bli utarma på bakgrunn av både kommunale enkeltvedtak om bokmålsopplæring og lærebøker på bokmål. Det er klart at det går utover opplæringa som skal gjera elevane til trygge og stødige språkbrukarar.

ASTRID MARIE GROV  
[astrid.grov@nm.no](mailto:astrid.grov@nm.no)



**Noregs  
Mållag  
går for  
14 000  
medlemer  
Hjelp oss å verve!**

**NYE MEDLEMER:**

**Send NYNORSK til 2490 eller gå til nm.no  
(200 kr gjeld ut 2021)**



**Vi styrkjer nynorsk i eit samfunn dominert av bokmål.**

30. juli i år var det 150 år sidan målmannen og nasjonsbyggjaren **Aasmund Olavsson Vinje** døydde på Granavollen på Hadeland. Hadeland dialekt- og mållag måtte tenkje heilt nytt om markeringa då koronaen kom, skriv leiar Reidun Ramse Sørensen.

# Vinje i ei ny tid

**HADELAND DIALEKT- OG** mållag hadde så vidt lagt bak seg 200-årsju-bileet for Vinjes fødsel i 2018, då vi sette i gang planlegging av 150-års-markeringa for hans død i 2020. No ville vi ha eit helgeseminar «Vinje i ei ny tid» i april – i tillegg til minnehøgtida 17. mai og ei pangmarkering på sjølv dødsdagen 30. juli.

## Endra planar

Vi skulle få høyre om tvisynet, like aktuelt i «Dagsnytt 18» som det var den gong Vinje deltok i ordskiftet. Vi skulle få foredrag av Per Egil Hegge, Tora Aasland, Eivind Blikstad, Solbjørg Kvålshaugen, Åsolv Edland, Magne Aasbrenn og Rolf Theil. Laurdagskvelden skulle Sondre Bratland halde konsert i Mariakyrka, og sundag skulle vi få gudsteneste med prost Kirsten Almås, forretta på nynorsk i Nikolaikyrka.

Men så kom koronaviruset! Då Noreg stengde ned, hadde eg nettopp

henta 4000 seminarprogram på trykkeriet. Abstinensen og tungsinnet seig inn over prosjektleiar Torill Nedberge Klevmark, Kari Røken Alm og meg.

Etter ei tid fekk vi ein glup idé: Kva om vi i staden fekk laga til ei mediemarkering? Skal vi tenke heilt nytt? Få ei mediedekning om den mangslunge arven etter Vinje? Torill, Kari og eg kasta oss rundt og kontakta nokre av føredragshaldarane vi hadde hatt avtale med. Dei hadde jo førebudd seg mentalt på å tale om eit tema til seminaret. Responsen var overveldande!

I mai og juni hadde vi hyggelege samtalar med Vinje-kjennarane våre og med fleire aviser. På den positive sida vil eg løfte fram Klassekampen, Nationen og Telemarksavisa. Nokre dagsaviser har faktisk prioritert å ha ein dedikert kulturredaktør som tilbyr lesarane sine allsidig kulturstoff. Språk er kultur, og Vinje er stadig aktuell! Av ulike årsaker fall nokre

bidrag ifrå undervegs, men tre av bidragsytarane fullførte.

## Vinje i media 150 år etter

Kulturformidlar Ragnar Thorbergsen sende oss kopi av ein kronikk han hadde sendt til Nordlys på eige initiativ, i høve jubileet 30. juli. «Den ukjente historia om Aasmund Olavsson Vinje og hans venner fra nord» kom på trykk i avis Nordlys i juni. Det vart ein fin oppakt til 30. juli!

På sjølv dagen kunne vi lese om Vinje i Klassekampen, Nationen og Telemarksavisa:

- ◆ I Klassekampen skreiv Rolf Theil om «Vinje og det norske språket».
- ◆ I Nationen skreiv Tora Aasland om «Vinje som nasjonsbyggjar».
- ◆ I Telemarksavisa skreiv Karsten Alnæs om «Vinje – diktaren som opna fjellet». Den vart publisert 30. juli i nettavis og på papir etter ferien.

## 17. mai

Kvar 17. mai sidan 1964 har mållaget invitert til minnestund over Vinje. Her møtest hadelendingar i sol og regn og med nordavinden frå alle kantar. Men i år fekk vi ikkje høyre Åsolv Edland og Mannskoret KK. I år avlyste vi. Det har aldri hendt før.

I det stille planla vi likevel å gjennomføre eit «ikkje-arrangement». Vi ville då markere Aasmund O. Vinje om vi så skulle stå der mutters åleine! Eg la på krans. Gunvor Raastad og eg stod på kvar vår side av bautasteinen og las dikt av Vinje «for kvarandre». Jammen var det møtt fram nokre festkledde hadelendingar.

## Kyrkja og mållaget samarbeider godt

Etter framlegg frå kyrkjeterar og kulturarbeidar Kari Røken Alm avgjorde prosjektgruppa å



Synnøve Marie Sætre

## – Nynorsk er avhengig av ei betre opplæringslov

Noregs Mållag ber regjeringa gjere kraftige betringar i den føreslåtte opplæringslova.

**NESTLEIAR SYNNØVE MARIE SÆTRE** meiner framlegget er dramatisk for nynorsken og nynorskelevane.

I sommar gjekk høyringsfristen for framlegget til ny opplæringslov ut. nestleiar Synnøve Marie Sætre meiner framlegget ikkje løyser utfordringane for nynorskelevane i skulen.

– Ei ny opplæringslov er den viktigaste sjansen styresmaktene har til å vise at dei bryr seg om nynorskelevane og dermed nynorsk sin posisjon i Noreg. Framlegget som er kome, er oppsiktsvekkjande svakt, så her må det store endringar til.

Synnøve Marie Sætre peikar mellom anna på at det ikkje er føreslått tiltak for å sikre nynorskelevane rett til lærermiddel på nynorsk.

– Lærermiddelsituasjonen er kritisk for nynorskelevane, spesielt for digitale lærermiddel, seier Synnøve Marie Sætre. Regje-

ringa må ta tak i dei ujamne læringsvil-kåra mellom bokmåls- og nynorskelevar for å hindre at fleire byter til bokmål.

Det er òg alvorleg at lovframlegget ikkje gjev nynorskelevane rett til å gå i eigne klassar i ungdomsskulen, meiner Synnøve Marie Sætre.

– Mykje av undervisninga i språkblanda klassar går føre seg på bokmål. Det bidreg til at mange byter oppleringsspråk på vidare-gåande, noko som er eit av dei største problema for nynorsken i dag. Dette er ein av tinga vi ventar at regjeringa gjer noko med.



**MARKERING PÅ GRANAVOLLEN:** 30. juli 2020 var det 150 år sidan Aasmund Reidun Ramse Sørensen (i raud kjole), leiar i Hadeland dialekt- og mållag, inviterte

## NR LANDET RUNDT



Olavsson Vinje døydde på Granavollen på Hadeland, medan han budde hos ein ven. til storslått markering.

Foto: Andrea Gaarder

leggje markeringa ved grava den 30. juli til kveldstid. Så kunne kyrkja planlegge konsert etterpå med vekt på songar av Aasmund Olavsson Vinje. Ypparleg!

Etter at Gunvor Raastad hadde lagt ned krans og lese dikt av Vinje ute, gjekk tilhørarane inn til den første av to fullteikna konsertar denne kvelden. Med pålagt koronaavstand og listeføring.

Vi fekk høyre sopran Kristin Bjerkerud og kantor Marit Wesenberg ved pianoet framføre Vinje-songar frå Edvard Griegs opus 33. Gunvor Raastad framførde med stor innleving og mimikk «Den Særde», «Tyteberet», «Det Første» og «Fyremål».

Songen «Trudom» gjekk rett i hjartet på oss. Jan Reidem skreiv i avisas Hadeland etterpå at Vinje og Grieg ville ha nikka anerkjennande og turka ei lita tåre om dei

hadde sete bakarst i kyrkja denne kvelden.

### Turist i fjellheimen og på flatbygdene

Å heidre Vinje er ei takksam oppgåve. Vi er stolte av han. Eller som ein sambygding skreiv i Facebook - at eigentleg er det heldig at Vinje døydde på Granavollen, for her veit vi å sette pris på han. Aasmund Olavsson Vinje, «den første fjellturisten», skulle finne kvile på vakre Granavollen. Skulptør Brynjulf Bergslien har gitt han eit strengt drag over andletet. Men ser du godt etter, blunkar han ned til deg.

REIDUN RAMSE SØRENSEN  
Leiar for Hadeland dialekt- og mållag

Kronikkane om Vinje som vart publiserte som ein del av 150-årsmarkeringa for dødsdagen hans, kan du lese på nettsida til Hadeland dialekt- og mållag: hadeland-dml.no.

## Meir miljøvenleg Norsk Tidend

– Vi gler oss stort over ei meir miljøvenleg innpakking på Norsk Tidend, seier nestleiar i Noregs Mållag Synnøve Marie Sætre.

**FRÅ OG MED** neste nummer er Norsk Tidend pakka inn i grøn PE-plast, som er ein meir miljøvenleg plasttype enn den vanlege plasten. Grøn PE-plast er fyrst og fremst

laga av sukkerrør. Han er ikkje biologisk nedbrytbar, så han må kastast i plastavfallet som vanleg, men er gjenbrukbar og 100 % resirkulerbar.

– Det er viktig for Noregs Mållag å bruke alternativ som gjer så lite skade på miljøet som råd, og å redusere CO<sub>2</sub>-utsleppa. Med den grøne PE-plasten meiner vi at vi har funne ei god løysing for pakkinga av Norsk Tidend, seier Synnøve Marie Sætre.

**NY LEIAR I HORDALAND:** I august var det årsmøte i Hordaland Mållag. Fylkesårsmøtet var fyrst planlagt til i vår, men utsett når landet vart stengt ned. **Torstein Vik Århus** vart vald til ny leiari i laget.

**HORDALAND MÅLLAG ER 50 ÅR:** I år fyller fylkesmållaget Hordaland Mållag 50 år. Laget erstatta i si tid Vestlandske Mållag. Rettskrivingsstriden som toppa seg på landsmøtet i 1969, var ekstra kvass i dette fylkesmållaget. For å sikre ei vidare god organisasjonsdrift i Hordaland vart Hordaland Mållag stifta. Laget har heilt sidan den gongen vore det største fylkesmållaget i organisasjonen. I august vart dette markert med fest, der mellom andre heidersmedlem i Mållaget, **Oddny Miljeteig**, var festtalar.

**NY LEIAR I LOM OG SKJÅK:** Lom og Skjåk dialekt- og mållag vart nyskipa i 2017. Laget har fått sitt fyrste leiarskifte, og **Kari Anne Skjaa** har overteke som leiari.

**LITTERATURFESTIVAL:** Hadeland dialekt- og mållag inviterte til litteraturfestival på Hadeland i slutten av september, i samarbeid med andre tilskiparar. Der var det både bokprat, poesivandring og jazzkonsert. Festivalen var utsett frå i vår.

**LEIARSKIFTE I BØ:** I Bø Mållag har det vore leiarskifte. Den nye leiaren heiter **Unni Øya**. Ho har tidlegare vore styremedlem i laget.

**PROSJEKT SPRÅKLEDE:** I høve hundreårsjubileet til Rogaland Mållag skal Wigestrånd forlag gje ut ein antologi med bidrag frå ei rekke kjende rogalandsskribantar. Blant bidragsytarane er **Edmund Austigard, Arnt Birkedal, Inger Bråtevit, Kristin Auestad Danielsen, Oda Malmin, Tore Renberg, Terje Torkildsen og Helge Torgvund**. I tillegg skal Rogaland Mållag lage eit undervisningsopplegg med fotooppgåve, skriveoppgåve, filmoppgåve og dramaoppgåve knytt til denne boka. Undervisningsopplegget skal rettast inn mot både ungdomsskulen og vidaregåande skule.

**PEDER TIL GLOPPEN MÅLLAG:** Då **Peder Lofnes Hauge** vart vald til leiari i Noregs Mållag, var det som den første glopparen nokon gong. Etter ei utsetting i vår er det no klart for å få leiaren heim til sine eigne. Søndag 8. november inviterer Gloppe Mållag til ope møte med Peder. Då skal **Gro Ravnestad**, journalist og vaktsjef i NRK Vestland, og mållagsleiaren ha ein samtale.

**SKA SEI!**: Karmsund Mållag lanserte i september eit heilt nytt dialektprosjekt i Karmsund. Dei skal samle inn dialektprøver frå ungdomar og besteforeldra deira som har vaks opp same stad i Karmsund. Idéen er at ein i løpet av dette arbeidet kan sjå kva i tale-



Solgunn Liestøl

Foto: Noregs Mållag

målet som held seg, og kva som endrar seg mellom generasjonane. Dagens dialektprøver kan også samanliknast med dialektprøver frå Karmsund frå tidleg på 1900-talet. **Ivar Sveine** er tilsett som prosjekteleiari. Leiari **Solgunn Liestøl** i Karmsund Mållag er leiari for prosjektgruppa.

**NY LEIAR I BUSKERUD:** På årsmøtet i vår valde Buskerud Mållag ny leiari. Han heiter **Oddvar Grøthe**.

**NY GIV I HÅ MÅLLAG:** Etter mange år utan aktivitet vert det arbeidd for ny kveik i Hå Mållag på Jæren. Rogaland Mållag og Noregs Mållag inviterer til ope oppstartsmøte onsdag 14. oktober klokka 19 på Hå gamle prestegard. Siktemålet for kvelden er å velje eit styre for laget og få i gang att aktivitetten.

– Vi har snakka med mange nye og gamle medlemer, og det er mange som har sagt at dei ynskjer å vere aktive i laget. Eg trur vi kjem til møtet med framlegg til nytt interimsstyre, seier **Inger Størseth Haarr**, styremedlem i Rogaland Mållag. Ho ber om at dei som ynskjer å vere med, tek kontakt på e-post: ingerst@gmail.com



Inger Størseth Haarr

Foto: Statens pensjonskasse



Foto: Ludwik Szacinski

«Gud signe vårt dyre fedreland» er kanskje den aller viktigaste salmen vår og kyrkja sin nasjonalsong. I år fyller salmen 130 år, og Blix-kjennar **Anders Aschim** skriv her om salmen og rolla han har spela for framveksten av nasjonen Noreg.

# «... og lat det som hagen bløma»

## Fedrelandssalmen 130 år

**ER DU MORGONFUGL** og slår på NRK P1 på radioen nokre minutt før klokka sju søndag morgen, får du framleis høre «Gud signe vårt dyre fedreland» som morgonhelsing. Eit forsøk frå NRK for ti år sidan på å avslutte denne tradisjonen blei møtt med så mange og kraftige protestar at riksringkastinga valde å vidareføre likevel. Ein 17. mai utan fedrelandssalmen er utenkeleg, men du kan oppleve mange slags forsamlings avsyngje salmen, ståande, til heilt andre årstider òg, i kyrkjer og samfunnshus, i bokmåls- og nynorskdistrikt. Om debatten i 2016 førte til at ein slutta å ramme inn fylkestingsmøta i Sogn og Fjordane med denne salmen som allsong, veit eg ikkje, men det er kanskje lite truleg at det nye Vestland fylke held skikken ved lag.

### Fedrelandet i salmeboka

Religion og nasjon er ei kraftig koppling som kan ha mange slag konsekvensar, ikkje alle like heldige. Det er ikkje sjølv sagt at nasjonen skal ha ein plass i salmeboka, og i det meste av bokhistoria har den ikkje hatt det heller. Da presten Magnus Brostrup Landstad (1802–1880) midt på 1800-talet skulle setje saman den første norske kyrkjessalmeboka som ikkje var dansk, prøvde han å få inn sin eigen salme «Raaber med Frydeskrig», til tonen «Gud sign vår konge god» i ei avdeling med «Særlege Salmer» under overskrifta «Landets Lykke». Salmen står i det «Udkast» som han fekk trykt i 1861,

men kritikken var så sterk, både mot tekst og melodi, at salmen ikkje kom med i den offisielle salmeboka som blei utgitt ni år seinare. Ein kritikkar karakteriserte teksten som «en gudelig 17de Mai-Vise», og til tonen hadde han høgst ukyrkjelege assosiasjonar.

Det skulle bli akademikaren, politikaren og salmediktaren Elias Blix (1836–1902) som rydda plass for nasjonen i salmeboka. I 1892 blei fjerde utgåva av *Nokre Salmar*, som var utkomen året før, offisielt godkjent som salmeboktillegg i dei kyrkjelydane som ønskte å synge salmar på nynorsk. Der stod «Gud signe vårt dyre fedreland», som til og med fekk Grunnlova inn i salmeboka gjennom tekstlinja «og landet med lov me bygde», ein tydeleg referanse til Frostatingslova: «Med lov skal land byggjast og ikkje med ulov øydast». Frå 1893 kom det ut mange utgåver av Landstads Kirkesalmebog som også inkluderte *Nokre Salmar*.

### Dei to avisene

To avisar spelar ei viktig rolle i historia om «Gud signe vårt dyre fedreland». Den eine er nynorskavisa *Nordmannen*, som blei utgitt i åra 1888–1891 som eit moderat alternativ til den stadig meir radikale *Fedralheimen*. Det var her salmen første gong stod på trykk, torsdag 13. november 1890, med overskrifta «Fedralandet». Blix sette ofte tematiske overskrifter over salmane sine, og det var ikkje uvanleg at han prøvepubliserte dei i avis eller tids-

skrift før dei kom i bokform. Frå desember 1889 og gjennom det neste året trykte han heile 19 nye salmar i *Nordmannen* før dei kom med i den sterkt utvida utgåva av *Nokre Salmar* i 1891. Da hadde «Fedralandet» skifta overskrift til det noko meir keisame «23. sundag etter trineings-helg».

Men når blei salmen skriven? Det er her den andre avisas kjem inn i bildet. Det handlar om eit eksemplar av lillehammeravisa *Fremgang* for onsdag 20. februar 1889. På denne avisas har Elias Blix kladda førsteutkast til «Fedralandet» og to andre salmar. Nokre vil ha det til at Blix skreiv salmen på Lillehammer under eit rekreasjonsopphald vinteren 1889. Men strengt tatt gir avisberre ein *terminus post quem* – det tidlegast moglege tidspunktet for påskrifta. Ein treng heller ikkje vere på Lillehammer for å få tak i ei lillehammeravis. Min teori er at aviseksemplaret kom fra den Gausdal-baserte folkehøgskolelæraren Matias Skard, som samarbeidde med Blix om den første nynorske omsetjinga av Det nye testamentet. Det var ein intens innspurt i det arbeidet gjennom heile året 1889. I miljøet rundt Misjonssambandets skular på Fjellhaug i Oslo finst det ein tradisjon om at Blix gjorde ferdig salmen under eit besøk hos ein ven som heldt til der på staden.

Dei nemnde opphavshistoriene er svært usikre. I desse åra gjekk det som regel ikkje lang tid mellom skriving og publisering hos Blix. Han var i ferd med å fylle ut salmeboka

I miljøet rundt Misjonssambandets skular på Fjellhaug i Oslo finst det ein tradisjon om at Blix gjorde ferdig salmen under eit besøk hos ein ven som heldt til der på staden.

I løpet av det første året til det sjølvstendige Noreg slo salmen igjennom som samlande nasjonalt symbol, sjølv om det aldri ble gjort noko offisielt vedtak om det.

### Ei sterk kraft



Fedrelandssalmen har ei sterk kraft, som kjem fram i innhaldet og melodien, og at vi syng han ståande, ved høgtidelege høve. Den er ei bøn, som gjer meg audmuk og glad for alt vi har i Noreg som er å takke for. Når vi syng fedrelandssalmen i vår tid, gir det meining berre dersom vi ber Gud signe alle med ulik bakgrunn i Noreg, og alle menneske og deira fedreland i verda.

**Olav Fykse Tveit,**  
preses i Den norske kyrkja

**FRITT FEDRELAND:** Då Heimefronten sende ut flygeblad med melding om freden etter andre verdskrig, var det med avslutninga «Gud signe vårt dyre fedreland». Plakat: Nasjonalbiblioteket

si med dei tekstane som mangla for å fylle kyrkjearret. Salmane som kom i *Nordmannen* på torsdagen, var i regelen tiltenkt førstkomande søndag. Slik var det med «Fedralandet» òg. Eg trur vi trygt kan markere 130-årsjubileet i haust.

### «Fedralandet» blir Fedrelandssalmen

I Nokre Salmar var altså «Gud signe vårt dyre fedreland» plassert som evangeliesalme på ein bestemt søndag i kyrkjearret. Det tok ikkje lang tid før salmen braut seg større rom. I ungdomslagsrørsla blei den raskt populær. Det stadig meir anstrengte forholdet til Sverige gjennom 1890-talet gjorde nok òg sitt. I samband med Trondheims byjubileum i 1897 blei salmen framført under ein kyrkjekoncert i Nidarosdomen av tidas store songstjerne Thorvald Lammers.

Den 7. juni 1905 vedtok Stortinget – i ei bisetning – å opplyse unionen med Sverige. Om kvelden møttest nokre folk heime hos stortingsrepresentanten Eivind Hognestad, mellom dei kyrkjestatsråden, Chr. Knudsen. «Det ble ingen sang, Hognestad!» sa Knudsen ved bordet. «Nei, eg våga meg ikkje til», svara Hognestad. Det kom fram at Knudsen hadde spurt Hognestad, som hadde god songroyst, om å stemme i med «Gud signe vårt dyre fedreland» i stortingsalen når unionsoppløysinga var kunngjort, men motet svikta.

Likevel, i løpet av det første året til det sjølvstendige Noreg slo salmen igjennom som samlande nasjonalt symbol, sjølv om det aldri ble gjort noko offisielt vedtak om det. Den 13. august 1905 var det folkerøysting om unionsoppløysinga, og mange stader blei «Gud signe vårt dyre fedreland» sungen ved opninga av røysteforretninga. Ved takkegudstenesta 7. desember same året hadde Kyrkjedepartementet bestemt at «Gud signe vårt dyre fedreland» skulle vere ein av salmane. Og da salmen blei sungen under kroningshøgtida i Nidarosdomen 22. juni året etter, var gjennombrotet definitivt.

### Hagen

«Gud, signa vaart dyre Fedraland, Lat det som Din Hage bløma!» Slik lyder opninga av salmen i det aller første utkastet, i marginen på den før omtala avis. Eden, den bibelske paradishagen frå skapingsforteljinga, er mellom Blix sine litterære favorittstader, ein stad han ofte kjem attende til, til dømes i den no gløymde påskesalmen «I Edens sæle sumar». Å syng Fedrelandssalmen er altså ikkje mindre enn å be om at Gud må gjere landet til ein Edens hage.

Fra Hjemmefrontens Ledelse

## Vår kamp er kronet med seier Norge er atten fritt

Våre sinn er følt av glede, våre hjerter av takknemlighet mot dem som fall i kampen og mot alle som var med og kjempet seieren fram.

Fienden har nå kapitulert, og snart vil vi helt ut være herrer i landet. Men husk: Kapitulasjon er ikke det samme som fred. Fienden har ennå våpen.

La oss midt i gleden bevare ro, verdighet og disiplin. Oppdre ikke utfordrende overfor den slagne fiende, og ta ikke retten i egen hånd.

Krigens oppgaver er løst, fredens oppgaver venter. De krever at vi sammen setter alt inn for å gjenopprette vårt folkestyre og vår rettsstat.

Den fred vi nå har vunnet, skal forplikte oss like sterkt som krigen og nøden bandt våre viljer til fedrelandets sak. Sammen skal vi bygge landet opp igjen som et bedre, rikere, lykkeligere hjem for alle.

**Gud signe vårt dyre fedreland!**

for Kielfreden og 1814-grunnlova. Også eg trur at ei konkret hending forløyste denne salmen, men eg har ein annan teori. Etter nesten ti års arbeid var endeleg Det nye testamentet på nynorsk komen ut vinteren 1890. Det står 1889 på titelbladet, men kalenderen hadde snudd før boka faktisk var ferdig trykt. Eg trur at salmen er skiven for å feire dette verket. Metaforen i siste strofe, «Om sædet enn gror på ymist lag», har som openberr bakgrunn den kjende likninga om såmannen i evangelia. «Såmannen sår ordet», forklarer Jesus i Markus 4,14. At bibelordet no låg føre på heimespråket, var ei epokegjerande nasjonal hending. «Hadde me fengje ei slik umsetjing paa reformatstidi, so hadde mangt vore annarleides i Norig no, og iser vilde det sét annarleides ut ved mang ei dauds-seng», sa Ivar Aasen da arbeidet var ferdig. Han hadde vore med på heile omsetningsprosessen saman med Blix, Skard og Johannes Belsheim. Og kva gjorde Blix? Han skreiv «Gud signe vårt dyre fedreland».

ANDERS ASCHIM

**Anders Aschim** er professor i religion, livssyn og etikk ved Høgskolen i Innlandet og forfattar av biografien *Ein betre vår ein gong. Elias Blix* (Samlaget, 2008).

Gud signe vaart dyre Fedraland  
 Og lat det som Hagen bløma!  
 Lat lysa din Fred fraa Fjell til Strand  
 Og Vetter fyr Vaarsol røma!  
 Lat Folket som Brøder saman bu,  
 Som Kristne det kann seg søma!

Vaart Heimland i Myrker lenge laag,  
 Og Vankunna Ljoset gøynde.  
 Men Gud, du i Naade til oss saag,  
 Din Kjærleik oss ikkje gløynde:  
 Du sende ditt Ord til Norigs Fjell,  
 Og Ljos yver Landet strøynde.

Og Norig det ligg vel langt i Nord,  
 Og Vetteren varer lenge;  
 Men Ljoset og Livet i ditt Ord  
 Det ingen kann setja Stenge.  
 Um Fjellet er høgt og Dalen trøng,  
 Ditt Ord heve daa sitt Gjenge.

So blømde vaart Land i Ljos og Fred,  
 Det grodde saa grønt i Lider,  
 Men atter seig Natt paa Landet ned  
 Med Trældom og tunge Tider.  
 Og Folket det sukka etter Ljos,  
 Og du lyste upp umsider.

Og Morgonen rann, og Myrkret kvarv,  
 Som lenge vaar Lukka skygde,  
 Du atter oss gav vaar Fridoms Arv  
 Og honom i Trengsla trygde.  
 Du verna vaart Folk og gav oss Fred,  
 Og Landet med Log me bygd.

Vil Gud ikkje vera Bygningsmann,  
 Me faafengt paa Huset byggja.  
 Vil Gud ikkje verja By og Land,  
 Kann Vaktmann oss ikkje tryggja.  
 So vakta oss, Gud, so me kann bu  
 I Heimen med Fred og Hyggja!

No er det i Norig atter Dag  
 Med Vaarsol og Song i Skogen.  
 Um Sædet enn gror paa ymist Lag,  
 Det brydder daa etter Plogen.  
 So signe daa Gud det gode Saad,  
 Til Groren ein Gong er mogen!

# Stipend til samtidsstev og kinesisk politikk

**Thea Hjelmeland** og **Dag Inge Bøe** har fått 50 000 kroner kvar frå Noregs Mållag for å fremje nynorsk.

**HJELMELAND FÅR STIPEND** for eit prosjekt med nynorske samtidsstev, medan Bøe får for bloggen kinesiskpolitikk.no.

Kvart år deler Noregs Mållag ut to nynorskstipend på 50.000 kroner. Midlar til stipenda får vi av Kulturdepartementet, og føremålet er å hjelpe fram gode prosjekt som kan fremje nynorsk på alle samfunnsmål. Det eine skal gå til ei kvinne, og det andre skal gå til ein mann.

– Det er eit visst spenn frå samtidsstev til kinesisk politikk, men dette viser berre at nynorsk er eit språk som passar til absolutt alt, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

Thea Hjelmeland skal nytte stipendet som arbeidstipend for tekst til nykomponerte samtidsstev. Hjelmeland er 33 år, kjem frå Førde og bur i Bergen. Ho er artist og har tidlegare fått fleire prisar som musikar, komponist, tekstrfattar, musikalsk arrangør og produsent.

Prosjektet til Thea Hjelmeland er arbeid med tekst til det ho kallar samtidsstev; originale komposisjonar med moderne tekstar i tradisjonelt folkemusikkformat.

– Det er kjekt å vere med på å bidra til at dette prosjektet vert realisert, og vi gler oss til å høre resultatet, seier Peder Lofnes Hauge.

Dag Inge Bøe har starta ein blogg som skal følgje utviklinga i kinesisk politikk og samfunnsliv. Bøe er



**STIPENDMOTTAKAR:** Thea Hjelmeland fekk 50 000 i støtte av Noregs Mållag og leiar Peder Lofnes Hauge for å skrive samtidsstev på nynorsk.

Foto: Jannica Luoto



## Den nynorske nettavisa Framtida fyller ti år

**1. SEPTEMBER 2010** starta Framtida.no. Ei nyhende- og debattavis for unge som blei til gjennom eit samarbeid mellom ABC Startsiden, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Landslaget for lokalaviser.

– Målet vårt har heile tida vore å styrkja og visa fram engasjementet til unge, og vera eit lokomotiv for nynorsk på nett, seier redaktør Svein Olav B. Langåker i ei pressemelding.

Han har jobba i avis sidan starten, og i dag tel redaksjonen tre redaksjonelle medarbeidrar i Oslo og éin på Stord. I tillegg har Framtida to journalistar i Framtida Junior-redaksjonen.

Avisa har no frå 70–120.000 brukarar i månaden.

– Eg er også veldig glad for at me stadig klarer å

setja dagsorden i fleire saker, seier redaktøren, og viser til at talet på siteringar i andre medium er aukande.

Akkurat no held redaksjonen på med ein artikkelserie om korleis demokratiet blir utfordra, og korleis det kan utviklast og utvidast vidare. Prosjektet er støtta av Fritt Ord.

I samband med 10-årsjubileet feirar Framtida.no med å invitera ungdom til å bli med på ein skrivekonkurranse om håp.

– I ei tid med koronapandemi, klimaendringar, rasisme, polarisering og ganske mange nyhende utan håp, så ønskjer me å invitera ungdom til å skriva om kva som gir dei håp og kva dei håpar på for framtid, seier Langåker.

NPK

## Målpris til VGTV-journalistar

**ALF HELLEViks MEDIEMÅLPRISS** på 25.000 kroner gjekk i år til journalistane Stig Øystein Schmidt og Espen Moe Breivik i VGTV.

Prisen skal gå til yngre faste nynorskbrukarar i radio og fjernsyn som legg vekt på å dyrke eit normalisert nynorsk taletmål. Men også den dialektfarga nynorsken, som kjenneteiknar prisvinnarane sitt språk i år, er det plass til innanfor statuttane.

– Schmidt og Breivik er svært synlege i VGTV, sjølv om dei er ein språkleg minoritet i det store mediehuset. Dei har vore nyskapande i formspråket i ei av dei mest vellukka, digitale TV-satsingane i Noreg. Dei fortel sine korte, fengande TV-historier med ein modig og moderne nynorsk, som appellerer til eit ungt publikum. Dette skjer i eit mediehus som berre unntakvis slepper til nynorsk i spaltena sine på papir og nett, seier juryen mellom anna.

Stig Øystein Schmidt er frå Marifjøra i Luster i Sogn og har arbeidd i VGTV sidan 2017. Espen Moe Breivik er frå Volda på Sunnmøre og byrja i VG som skrivande journalist våren 2018 og fann vegen til VGTV i januar 2019.



**PRISVINNERANE:** Stig Øystein Schmidt (t.v.) og Espen Moe Breivik.

Foto: Andreas R. Pettersen

I juryen sat tidlegare journalist og redaktør i NRK, Sigvart Østrem, dagleg leiar i Norsk fjordhest-senter, Magni Hjertenes Flyum, og redaksjonsleiar i NRK Sporten, Geirmund Henjum.

NPK

# Vil gje for lær

Ein del lærarstudentar **får ikkje nynorskundervisning** på studiet. No seier lærestadene at dei vil ta tak.

**EI KARTLEGGING AV** nynorskundervisninga på lærarstudiet har avdekt at ein del lærarstudentar ikkje får nynorskundervisning, skreiv Norsk Tidend i april i år. Det gjeld studentar som skal undervise 5.–10. trinn og ikkje har valt fordjuping i norsk.

### – Ikke god nok praksis

Rapporten avdekkjer stor skilnad mellom lærestadene, og Norsk Tidend har no vore i kontakt med dei utdanningsinstitusjonane som ikkje gjev studentane nynorskundervisning i det heile. Alle er raske til å vedgå at den noverande praksisen ikkje er god nok. Både NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Tromsø,



**ØNSKJER Å BLI BETRE:** Lærarutdanninga på Høgskulen på Vestlandet er blant dei som ikkje har gjeve opplæring i nynorsk til alle studentane sine. No vil høgskulen ta tak.

Foto: Høgskulen på Vestlandet

# nynorskopplæring arstudentar

Universitetet i Sørøst-Noreg, Nord universitet og Høgskolen i Østfold opplyser om at dei har planar om å gjere endringar som sikrar at alle studentane er kompetente til å drive nynorskundervisning. Fleire skriv at det er utfordrande å få integrert undervisninga i nynorsk på eit studium der studentane ikkje har norsk som fag, men at dei jobbar med å finne løysingar.

## Behov for eit løft

Mållagsleiar Synnøve Marie Sætre er svært nøgd med at lærestadene no tek tak.

– Det skulle jo eigentleg berre mangle, men vi skal likevel gle oss over positive endringar og gje utdanningsinstitusjonane ros for at dei tek grep.

Det er lett å gløyme at alle lærarstudentar må kunne nynorsk, ikkje berre dei som underviser i norsk, meiner Sætre.

– Absolutt alle lærarar skal undervise på nynorsk på nynorskskular. Det er viktig at studentane blir mint på det undervegs i studiet og får kompetansen som skal til. Noregs Mållag får stadig rapportar om lærarar som ikkje kan nynorsk, så det er verkeleg behov for eit løft i lærarutdanninga. Vi håpar lærestadene nyttar høvet til ei skikkeleg evaluering også av nynorskopplæringa generelt.

## Planlegg ikkje tilsyn

Forskrift om lærarutdanning gjer det klart at lærarstudentane skal meistre både bokmål og nynorsk. Direktoratet som skal sikre kvaliteten på høgare utdanning i Noreg, Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), har ikkje ført tilsyn med korleis lærestadene etterlever kravet om undervisningskompetanse i både bokmål og nynorsk.

Tilsynsdirektør Øystein Lund seier det er positivt at institusjonane no vil ta tak i nynorskundervisninga slik dei er plikt til, men at NOKUT ikkje har planar om å sjekke at det faktisk blir gjort.

– Når NOKUT skal vurdere kva rettleiings- og kontrollaktivitetar vi skal prioritere, tek vi utgangspunkt i det samla kunnskapsgrunnlaget vi har. Eit av verkemiddla våre er å føre tilsyn. Det er eit ressurskrevjande verkemiddel, både for oss og dei vi fører tilsyn med. Per i dag har vi ikkje konkrete planar om å gjennomføre tilsyn med nynorskopplæringa ved lærarutdanningane.

Kartlegginga av nynorskundervisninga for lærarstudentar er gjort av Eli Anne Eiesland, førsteamanensis ved Universitetet i Sørøst-Noreg og leiar for Nasjonalt fagorgan for nordisk språk og litteratur.

ASTRID MARIE GROV  
[astrid.grov@nm.no](mailto:astrid.grov@nm.no)

## Minneord for Nils Moldøen

Det var med sorg vi tok mot meldinga om at **Nils Moldøen** er død, nær 70 år gammal.

Nils var eit organisasjonsmenneske, han trudde på fellesskapen og kva menneske kunne få til i lag. Han hadde bakgrunn frå politisk arbeid mellom anna i kommunestyret i Odda og fagforeningsarbeid. Han var ein ressurs for kva som helst frivillig organisasjon han valde å engasjera seg i. Målrørsla har vore heldig som fekk glede av hans erfaring og sterke engasjement.

Nils gjorde seg godt kjent med lokallaga i Hordaland Mållag og bidrog til mykje godt vervearbeit etter eit engasjement som reiseskrivar i 1987. Han gjekk inn i styret i Hordaland Mållag, først som skrivar, nestleiar og deretter leiar frå 1991 til 1993. Han var ein sterk talsperson for meir nynorsk i kvardagen, i barnehage, skule, media, arbeids- og næringsliv. Dette var aktive år for Hordaland Mållag. Kampen mot EU-medlemsskap stod sentralt, og fylkeslaget leia an i dette arbeidet i Mållaget.

Nils Moldøen vart vald inn i styret i Noregs Mållag i 1987. Han var styremedlem i fire år, og i 1989 vart han vald til nestleiar i Mållaget. Han var vara for Noregs Mållag i Målpolitisk råd på Det Norske Teatret frå 2001–2005 og var fast møtande frå 2006–2010. Han tok på seg ein ny runde i Hordaland Mållag både som styremedlem og som leiar midt på 2000-talet. Då me var samla til hundreårsjubileumslandsmøte i Noregs Mållag i 2006, var han ein del av Hordalands-delegasjonen, slik han hadde vore på svært mange landsmøte.

Nils var ei tydeleg stemme i debattane han deltok i. Han kom frå ein sterk organisasjonskultur der ein ikkje var redd for klar tale og skarp debatt, og det kunne nok verka avskreckande på somme.

Nils hadde samtidig evna til å sjå sterke sider og legitime synspunkt hjå motstandarane sine. Han var ein uthaldande, kritisk og kunnskapssøkjande forkjempar for nynorsk, med ein smittande entusiasme, og hadde evna til å laga alliansar på tvers av ulike skiljelinjer. Arbeidet for dialekt og nynorsk hadde ein stor plass i hjarta hans. Når me i mars les i lokalavisa at ungdomane på Fedje har eit prosjekt der dei «jaktar og forskar på Fedje-dialekten», var det som det skulle vera at Nils Moldøen hadde engasjert seg der.

Takk for laget og takk for taket, Nils! No går tankane våre til dei aller næreste.

Synnøve Marie Sætre,  
Noregs Mållag

Karin Monstad og Bjørg Eli  
Eide, Hordaland Mållag

## Grov illojalitet i Noregs Mållag

NT INNTEGG

I juni 2016 sende styret i Noregs Mållag eit brev til dei politiske partia i Noreg. I brevet stod det:

«Vurderinga må vera gjennom eigen standpunktarakter eller obligatorisk eksamen, eller helst både deler.» I dette brevet gav leiinga i Noregs Mållag i praksis grønt ljos for å ta bort den skriftelege sidemålsksam.

Dette braut med vedtak på landsmøta i Noregs Mållag i 2013, 2014 og 2016. Styret vart straks gjort merksam på dette, men likevel vart ikkje brevet trekt attende. Heller ikkje vart det sendt noko nytt brev til dei politiske partia.

Dette var grov illojalitet og difor meiner Odda Mållag at det må stå i det nye prinsipprogrammet til Noregs Mållag at styret og skrivarstova i Noregs Mållag skal vera lojale overfor landsmøteveitak.

**Knut O. Dale,**  
*leiar i Odda Mållag*

### Svar:

Det er heilt rett at Noregs Mållag sende eit brev til partia med ei formulering som var mindre stram enn landsmøtevedtaket. I innlegget kan ein få inntrykk av at Noregs Mållag aldri gjorde noko med dette. Det stemmer ikkje, og det veit også Odda Mållag. Vi endra brevet, men sende ikkje ut på nytt på akkurat den måten som Odda Mållag bad om.

Styret valde å rette teksten gjennom å ta inn landsmøtevedtaket ordrett i eit brev/lobbynotat for det framtidige arbeidet. Lobbyarbeidet for å få gode parti-program for nynorskbrukarane gjekk i hovudsak føre seg hausten og vinteren 2016. I det arbeidet fekk alle vi møtte, eit notat med denne formuleringa: «Vurderinga i vidaregåande må vere gjennom eigen standpunktarakter og obligatorisk eksamen. Eksamen i sidemål og hovedmål skal gjenomførast samstundes i Vg3 og med same krav, men på to ulike dagar.» Denne teksten vart også lagt ut på heimesida vår, i staden for det første brevet.

I åra etter har læreplanane for norskfaget vore til revisjon, og til sist vurderingsordningane som hadde høringsfrist april 2020. Noregs Mållag har sendt inn tydelege høringsvar der vi argumenterer for at elevane både får standpunktarakter og obligatorisk eksamen i nynorsk og bokmål. Odda Mållag ser bort frå alt dette og viser utelukkande til eit fire år gammalt brev i denne saka. Det skaper eit inntrykk av at Noregs Mållag arbeider for å redusere karakterar og prøving i norskfaget. Det stemmer altså ikkje.

**Synnøve Marie Sætre,**  
*nestleiar i Noregs Mållag*

Etter saka om språkblanding i barneskulen i førre utgåve, har Norsk Tidend fått meldingar om den same praksisen **fleire stader i landet**.

# Fleire språk-blanda klassar i barneskulen

**EIN AV KOMMUNANE** som også blanda nynorsk- og bokmålselavar i same klassen ved somme nynorskskular, er Hustadvika (tidlegare Eide og Fræna) i Møre og Romsdal. Praksisen har vara ein god del år, og han er i hovudsak motivert av økonomi, opplyser kommunalsjef for oppvekst Odd-Eirik Bergheim.

Bergheim seier han meiner lova skulle ha blitt følgt, og at det er utfordringar ved to av skulane, Jendem og Sylte og Malme, der bokmålelevane over år har blitt fleire og fleire og no er i stort fleirtal.

– Ein kan stille spørsmål ved om språkblanding har vore heldig for nynorskopplæringa ved desse skulane.

Bergheim seier kommunen vil sjå på tiltak som kan gjere opplæringssituasjonen for nynorskelevane lettare, og i større grad unngå språkblanding, men at situasjonen er avhengig av økonomi. Kommunen har ikkje søkt skjønnsmidlar frå fylkesmannen for å finansiere språkdeling dette året, opplyser kommunalsjefen.

Norsk Tidend kjenner til språkdelte klassar i dei fleste av fylka der det finst nynorskskular. Mellom anna ønskte Gjesdal kommune i Rogaland å slå saman etablerte bokmåls- og nynorskklassar frå og med dette skuleåret, men planane vart droppa etter motstand frå foreldre.

ASTRID MARIE GROV  
[astrid.grov@nm.no](mailto:astrid.grov@nm.no)



**FÆRRE NYNORSKEVAR:** Jendem skole i Hustadvika oppretta parallelklassar når minst 10 elevar ber

# No blir det meir nynorsk i Store nors


Nynorsk kultursentrum og Store norske leksikon slår seg saman. Frå 2021 skal det bli meir leksikoninhald på nynorsk.

**NYNORSK KULTURSENTRUM HAR** sidan 2008 arbeidd saman med ulike samarbeidspartnarar for å bygge eit nynorsk oppslagsverk. No skal det nynorske nettleksikonet Allkunne integrerast i Store norske leksikon.

– Store norske leksikon styrker seg med dette som nasjonalt leksikon. Det er sjølv sagt for oss og medlemane våre at begge dei norske skriftspråka blir styrkte som fagspråk, og vi er glade for å gi dei mange lesarane av Store norske leksikon meir nynorsk, seier styreleiar Knut Olav Åmås i Store norske leksikon i ei pressemelding.

### Vanskeleg å konkurrere

I staden for å konkurrere har dei to institusjonane som mål å styrke norsk fagspråk. Styreleiar Lodve Solholm i Nynorsk kultursentrum seier avtalen gjer at fleire lesarar får



**NØGDE:** Direktør Per Magnus Finnanger Sandsmark og styreleiar Lodve Solholm i Nynorsk kultursentrum.  
Foto: Sunniva Lund Osdal



Hustadvika har gått fra 90 % nynorskelever skuleåret 2012/2013 til 19 % førre skuleår. Statistikken viser at det ikkje har blitt om bokmålsopplæring, slik opplæringslova krev.

Foto: Hustadvika kommune

## ke leksikon

tilgang til viktig innhald på nynorsk og om nynorsk kulturhistorie.

– Det er ressurskrevjande å konkurriere. Derfor vel vi i staden å gå i lag med ein større aktør som når fleire lesarar i same målgrupper som oss, for at innhaldet skal nå fleire, seier direktør Per Magnus Finnanger Sandmark i Nynorsk kultursentrum.

Det vil framleis vere to årsverk som skal arbeide med leksikon i Hovdebygda. Nynorsk kultursentrum skal bidra med same økonomiske bidrag, samstundes skal Store norske leksikon bruke meir tid og ressursar på nynorsk.

### Allkunne tilgjengeleg for fleire

Store norske har artiklar på både bokmål og nynorsk frå før, men med dette samarbeidet skal endå fleire artiklar vere på nynorsk. I tillegg skal nye emne og personar som ikkje har hatt artiklar på Store norske, bli dekte.

– Vi er glade for å kunne gjere mykje av det kvalitetsinhaldet som har vore på Allkunne, tilgjengeleg for eit breiare publikum, seier sjef-redaktør Erik Bolstad i Store norske leksikon i pressemeldinga.



Foto: Tobias Heiberg / NPK

### Ny redaktør i Syn og Segn

**Astrid Sverresdotter Dypvik** (biletet) er tilsett som redaktør i *Syn og Segn*. Ho er utdanna historikar og kjem frå ei stilling i *Nationen*.

Dypvik har brei redaksjonell erfaring frå fleire nasjonale avisar, i tillegg til eit prislønt forfattarskap.

– *Syn og Segn* er ein viktig arena for å få nye stemmer og nye tema ut i offentlegeheita. Eg har eit stort engasjement for gode debattar og for nynorsk, og ser fram til å byrje i jobben, seier Dypvik i ei pressemelding.

Dypvik startar seinast 1. januar 2021.

*Syn og Segn* er eit tidsskrift for kultur, samfunn og politikk. Tidsskriftet har 2500 abonnentar og kjem i fire utgivingar i året.

NPK

INGER JOHANNE RUSET  
teiar i Kringkastingsringen



## Framtid eller fortid?

**DET ER LETT** å seie at det var enklare før. Ein kan drøyme seg attende til den tida då det berre var éin radiokanal og éin tv-kanal her i landet. Då var arbeidsfeltet vårt oversiktleg, og det var lett å vite kven ein skulle sende brev til. Sidan har medieverda blitt mykje meir mangfaldig enn det vi såg føre oss berre for få år sidan. Det dukkar stadig opp nye tv-kanalar, FM er erstatta av DAB, og brått skal vi alle høre på postkastar. For ein liten organisasjon som vår, kan det vere vanskeleg å vite kor ein skal leggje innsatsen.

**ER DET TIL** dømes rett av oss å bruke så mykje tid på NRK og TV 2, når ungdommen får informasjon og underhaldning gjennom heilt andre kanalar? Eg skulle gjerne ha sett at strøymetester som Netflix og HBO tekstar fleire program og seriar på nynorsk og samisk. Folk går framleis på kino i stort monn, så eg skulle også gjerne ha sett at fleire av filmane vert teksta på fleire skriftspråk enn bokmål. Etter digitaliseringa krev det heller ikkje store ressursane å få det til.

**EG TRUR NØKKELEN** kan ligge i heile tida å understreke at språk er viktig. Litt for ofte kjem det litt for langt ned på prioriteringslista, og det råkar nynorsken særleg hardt. Å kome med oppmodingar er bra, men statlege krav er betydeleg meir effektivt. NRK har ikkje kome på dette med nynorsk av seg sjølv. Difor kan ein heller ikkje vente at til dømes Netflix skal gjere det.

**NO KAN DET** verke som om styresmaktene ikkje heilt veit kva dei skal gjere med desse store internasjonale selskapa på mange felt. Vi anar likefullt eit ønske om å ta tak, og då skal vi i det minste gjøre vårt for å minne mediuhusa og styresmaktene om kor viktig språk og språkidentitet er. Det dreier seg om sjølvkjensla vår i fortida, notida og framtida.

Eg skulle gjerne ha sett at strøymetester som Netflix og HBO tekstar fleire program og seriar på nynorsk og samisk.

– Kvifor finst inga stor, samlande verksemd som auser ut mengder med digital nynorsk og gjer det umogleg å oversjå nynorsk på skjermen, spør **Eivind Ødegård**. Han etterlyser sterkare digital satsing frå mållaget.

# Nynoreg må omsider vakne opp av datadvalen

**DØLEN KOM UT** med fyrste nummer i 1858. Samlaget vart skipa ti år etter. *Den 17. mai* kom ut frå 1894, og finansieringslaget Maalkassa stødde måltiltak frå året etter. *Gula Tidend* kom ut frå 1904. Noregs Mållag fyrst 1906. Alle slags skriftstykke og ytringar på nynorsk vaks fram og spreidde seg fordi det fanst forlag, verksemder, lag og miljø som spreidde og gav ut mykje på språket, og dermed gjorde det uråd å unngå. Dei tidelege stiftarane skjønte at det måtte finnast noko handfast på nynorsk for at språket skulle kunna leva. Slik er vanskeleg å få til for einskildmenneske. Det må eit lag eller ei verksemd til, og desse må laga konkrete produkt som folk bruker. I tillegg må laga vera store og vidfemnande nok til å laga noko meir enn eit flygeblad; det må vera noko som duger, noko som slær frå seg, noko med kraft og kunnskap, noko du ikkje kan sjå bort frå.

Dette ser ut til å vera mest gløymt dei siste 30–40 åra når det gjeld det digitale. Veit ikkje me i målrørsla kvar folk møter språket i dag? Eller kva med framtida? Kvifor finst inga stor, samlande verksemd som auser ut mengder med digital nynorsk og gjer det umogleg å oversjå nynorsk på skjermen? Kvifor står ikkje staten, mållaget og dei eksisterande verksemndene til ei kvar tid fleire fulltidsstillingar med nynorskomsetjarar, organiserte i eit fast fagmiljø? Kvifor har me brukt årevis på å vente og masa på Microsoft, for ikkje å tala om Apple? Når me no trass alt kan hangla


oss gjennom ein datakvardag som er delvis på nynorsk, er dette stort sett takk vere små miljø eller einskildpersonar som har sete bak skjermen og omsett på fritida (jf. t.d. Facebook og KDE/Plasma). Det er bra nok for små og mellomstore program, men kvifor i Ivars namn har me ikkje Android fullt omsett til nynorsk?

Fordi den sentrale drivkrafta og presset manglar. Du treng tid og makt for å få gjennom nynorsk Android, og det endå det i utgangspunktet er open kjeldekode og fritt fram. Endå verre er det med lukka produkt, som dei frå Microsoft og Apple. Der vil innsatsen ofte ikkje betala seg, og ein einskildperson kan vanskeleg gjennomføre noko slikt. Det er ikkje nok med eit velmeinande friviljug (mål)lag heller. Du treng eit koppel kunnige, kraftfulle heiltidstilsette som driv berre med dette. Slik finst ikkje, så vidt eg veit. Eg ser det som ei av dei viktigaste oppgåvene for mållaget å omsider få oppretta ei eiga verksemd eller arbeidsgruppe for digital (ny)norsk, med fast statleg stønad, med solid forankring og organisering, fast kontorstad og lang tidshorisont. Det kostar, men kva hinder skulle det vera? Pengane finst ein stad, kvar omsett tekststreng gjev store verknader, og for språket finst det ikkje noko alternativ. Dette er på høg overtid.

Er det noko me i målrørsla burde ha lært, så er det at du får himla lite ved berre å be om det. Du må forstå og tileigne deg kunnskap om det du vil ha, og så må du vakkert gå i gang og laga det på nynorsk sjølv. Du kan ikkje vente på eller be andre

*Eg ser det som ei av dei viktigaste oppgåvene for mållaget å omsider få oppretta ei eiga verksemd eller arbeidsgruppe for digital (ny)norsk.*

Eivind Ødegård



Illustasjon: Kjartan Helleve

gjera det, for det finst ingen andre. Gode omsetjarar veit dette, om det så er Arne Garborg, Eirik Vandvik, Johannes Gjerdåker eller Tove Bakke. Alle desse har teke tak i viktig, men til dels vanskeleg tilgjengeleg stoff, tileigna seg og brukt kunnskap om stoffet, og nyskapt det på nynorsk. Det er dette som må til. Kvar medlem i mållaget veit eller burde veta at dette språket, dette nynorsklivet, krev kunnskap som ikkje alle har. Du kan ikkje gå likesæl gjennom skoddeheimen. For det digitale språket vårt finst ingen annan utveg enn at alle mållagsmedlemer snarast lærer seg kva open kjeldekode er, at dei startar å bruke det, og at dei startar å bidra kvar på sitt vis. For mållaget finst ingen annan utveg enn å ta tak i det eg no skriv, og for alvor kaste seg over open kjeldekode, fordi det er det me lettast kan gjera noko med.

Sjølv for denne teksten finst det eit perspektiv bakom den personen

som har trykt på tastane. Det er dette perspektivet målrørsla har vore alt for blind for, altfor lenge. Eg har skrive teksten med kontorpakka Libreoffice, gjort nynorsk i si tid av eit prosjekt innan Møre og Romsdal fylkeskommune (om eg huggar rett), og seinare stilfullt omsett av ma. Kolbjørn Stuestøl. Datamaskina mi køyrer Manjaro Linux med KDE Plasma, der hovudomsetjar gjennom mange år er Karl Ove Hufthammer. Eit stort tal einskildpersonar har gjort sitt for at det meste eg ser på skjermen er nynorsk, og sjølv har eg måttå arbeide meg gjennom installasjonar og innstillingar for at eg skal møte språket mitt der eg vil ha det.

Ikkje alle har slik teknisk interesse. La framtidige nynorskbrukarar sleppe å ta så mange val for å få nynorsk på skjermen. Lag ei stor og profesjonell eining som gjer valet lettare. Automatiser nynorsk no!

Eivind Ødegård

Mellom 15. mai og 15. september fekk Noregs Mållag 385 430 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsk betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som føljer med avisa, eller vipps eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

**AUST-AGDER MÅLLAG**

Scott Aanby  
Toralf Andersen  
Jackob Bakken  
Torfinn Brokke  
Kristine Foss  
Sverre Fosse  
Rolf Fredriksen  
Hallgeir Gjelsvik  
Angerd Gjerdan  
Jon Olav Gryting  
Per Yngvar Hardeberg  
Johannes Havstad  
Olav Hoftuft  
Knut K. Homme  
Gerd Fosse Hovden  
John Gustav Johansen  
Ragnar Kaasa  
Jorunn Lande  
Gunhilde Langerud  
Hans-Olav Lauvstad  
Jon Kolbjørn Lindset  
Kåre Mogstad  
Rune Nylund  
Signe Alise Olstad  
Sigrid Bjørg Ramse  
Kari Gerd Riisland  
Astrid Stuestøl Sandkjær  
Johannes G. Torstveit  
Helge Ove Tveiten  
Bjørg Valborgland  
Jens Vellene

**AUSTMANNALAGET**

Brynjulf Aartun  
Ole Bjerke  
Arne Bjørnstad  
Oddbjørg Blakar  
Liv Jorun Braastad  
Eldrid Brandvol  
Jon Steinar Bredeveien  
Råmund Bruheim  
Ivar Bungum  
Bjørn Dalen  
Tove Depasquale  
Sissel Dyrkorn  
Ingvild Marie Eknes  
Thor Ola Engen  
Hans Enstad  
Frode Erstad  
Inger Lise Fiskvik  
Randi Therese Garmo  
Kjell Gulbrandsen  
Odin Hagen  
Erik Hanssveen  
Olav Haraldseid  
Magnhild Harsheim  
Gaut Elvesæter Helland  
Marit Hoff  
Bjarte Hole  
Ola Holen  
Dag Johansen  
Per Rolf Johnsen  
Ola Jonsmoen  
Ragnhild Kjorstad  
Håvard Kleiven  
Svein Kleiven  
Inger Margrethe Kyllingstad  
Gunnar Lien  
Asgeir Lilleås  
Johanna Mosenden  
Asbjørn Myrvang  
Øyvind Nordli  
Jogrim Nordsletten  
Jørgen Norheim

Odd Arne Nustad  
Jørgen Nørstegard  
Ola Magne Robøle  
Oddvar Romundset  
Tone Rui  
Synne Sandbu Sandbu  
Synnøve Schjølberg  
Gunnar Skirbekk  
Jakup Skjedsvoll  
Egil Skullerud  
Arne Skuterud  
Nils Steinar Slapgård  
Hans Sletten  
Unn-Elisabeth Solhaug  
Liv Solheim  
Inger Kirsten Stagrim  
Ivar Sund  
Vegard Sætervadet  
Olav Teppen  
Ola Tronsmoen  
Lars Ullgren  
Olav Veka  
Magne Velure  
Svein Vole  
Bjørg Øyøygard

**BUSKERUD MÅLLAG**

Steinar Aa  
John-Ragnar Kvam Aarset  
Niri Baklid  
Tor O. Bergum  
Herbjørn Brennhovd  
Per Drabløs  
Karen-Margrethe Erlandsrud  
Borgny Feten  
Irene T. Hansen  
Sigrid Hjelmen  
Olav Hovda  
Lars Erik Jacobsen  
Karsten Johannsen  
Mona Lid  
Anna Lilleslett  
Osvald Medhus  
Odd Oleivsgard  
Halle Perstølen  
Gro Randen  
Kari Roe  
Ola Ruud  
Kirsten Skarlund  
Knut H. Skrindo  
Kjell Snerte  
Grethe Sollien  
Ola V. Stake  
Åshild Stanghelle  
Rolf Harald Sæther  
Sigrun Torsteinsrud  
Knut S. Torsteinsrud  
Sigurd Tveito  
Nils Tørtø

**FYLKESMÅLLAGET**

**VIKVÆRINGEN**  
Bergfinn Aabø  
Solveig Fiskvik Aamodt  
Reidar Aasgaard  
Olaf Almenningen  
Ruth Amdahl  
Gurid Aga Askeland  
Børre Austmann  
Olav Befring  
Ola Bergsaker  
Reidar Bjørnerheim  
Erlend Bleie  
Reidar Borgstrøm  
Jorunn Brubakk

Hæge Marie Roholdt  
Brunvatne  
Karen Bø  
Tormod Bønes  
Jenny Margrethe Dugstad  
Tove Karina Eidhammer  
Kirsten Osmo Eriksen  
Håkon Fagervoll  
Turid Farbregd  
Brit Ragnhild Øydna Fisknes  
Gunnar Eilev Fitje  
Mona Evelyn Flognfeldt  
Liv Flugsrud  
Magnhild Folkvord  
Tor Gabrielsen  
Arvid Gjæringen  
Tom Kristian Grimsrud  
Olav Grimstad  
Øystein Grønmyr  
Jostein Grønset  
Oddrun Grønvik  
Gunnvald Grønvik  
Erik Hardeng  
Øystein Havrevoll  
Anna Sigridsdatter Heen  
Ola M. Heide  
Mildrid Helland  
Botolv Helleland  
Sigrun Heskestad  
Edvard Hoem  
Halldor Hoftun  
Valborg Holten  
Kjetil Torgrim Homme  
Joar T. Hovda  
Karl-Anders Hovden  
Marit Hovdenak  
Heidi Villmones Hundåla  
Olav Høgetveit  
Tormod Hallstein Høgåsen  
Ingeborg Hauge Høyland  
Martha Rysjedal Johnsen  
Jens Kihl  
Laurits Killingbergtrø  
Knut Kjelstadli  
Martha Joy Storeide Kjelsvik  
Liv Dagny Klevstrand  
Harald Sverdrup Koht  
Bård Kolltveit  
Dagrun Kvammen  
Edvard Lauen  
Tor Einar Ljønes  
Peggy Jensen Lous  
Birgit Synnøve Lunde  
Jon Låte  
Lars Meling  
Norvald Mo  
Marit Sandal Mortensen  
Arnold Mundal  
Lars Helge Myklebust  
Johan Nedregård  
Øystein Njål Nordang  
Kjellaug Norli  
Ingrid Nymoen  
Torgeir Ose  
Svein Johann Ose  
Kari Ryss Paulsen  
Benjamin Edillon Reichle  
Yngve Rekdal  
Asbjørn Roaldset  
Gunnar Rusten  
Frøydis Marie Ruud  
Asbjørn Engebø Rystad  
Hedvig Lien Rytter  
Gunnvor Fykse Skirbekk  
Arne O. Skjelvåg

Synnøve Skjøng  
Arve Skutlaberg  
Kåre Smeland  
Stig Solheim  
Nils Standal  
Idun Stokka  
Leif Sundheim  
Ellen Marie Svea  
Åsfrid Svensen  
Sissel L Sæbø  
Inger Johanne Sæterbakk  
Bent Arne Sæther  
Anne Joronn Sætre  
Tordis Thorsen  
Jostein Tjøre  
Hans Tokvam  
Øystein Tormodsgard  
Sverre Tusvik  
Stein Tveite  
Steinar Tveitnes  
Johan Kristian Tønder  
Per Ivar Vaagland  
Helene Valvatne  
Alvhild Venås  
Lars S. Vikør  
Kjetil Vistad  
Jørgen Vogt  
Hildegunn Wergeland  
Gunn Bjørg Wisloff  
Kjell Øren  
Håkon Ørjasæter  
Johannes Georg Østbø  
Kristen Øyen

**HORDALAND MÅLLAG**

Torunn Aarre  
Malena Aasen  
Livar Aksnes  
Audhild Aldal  
Solveig Almås  
Arne Alsaker  
Liv Ingrid Alvheim  
Arne Andersen  
Svein Andersland  
Ingvard Andreassen  
Arnfinn Jørgen Ansok  
Erik Arneson  
Øystein Ask  
Karin Ask  
Anne Line Asphaug  
Marta Augensen  
Edel Augustad  
Anders Austefjord  
Svanlaug Jofrid Austgulen  
Erlend Bakke  
Einar Bardal  
Arild Berge  
Håkon M. Berge  
Olav Berge  
Veslemøy Bergo  
Kristen Bergsvik  
Dagrun Berntsen  
Kjellaug Birkeland  
Aage Bjordal  
Tone Reinskou Bjotveit  
Audun Bjørnberg  
Dag Bjørnevoll  
Asbjørn Bjørnset  
Solveig Bjørsvik  
Oddbjørn Borge  
Arne Brattabø  
Elfrid Brekke  
Reidar Bremerthun  
Endre Otto Brunstad  
Jostein Buene

Bjarne Buene  
Arne Bystøl  
Rannveig Bårvædt  
Reidar Dale  
Knut O. Dale  
John Dalen  
Magnhild Daltveit  
Olav Digernes  
Kristian Djuvland  
Nils J. Drage  
Torbjørn Dyrvik  
Jan-Egil Dyvik  
Frøidis Eiken  
Anja Eilertsen  
Ingunn Eitrheim  
Erik Ingolf Eldøy  
Reidun Emhjellen  
Yngve Endal  
Øystein Erstad  
Arne Fjelde  
Trygve Fjeldstad  
Sverre Fjell  
Målfrid Flatekvål  
Kari Fosse  
Olav Freim  
Harald Frønsdal  
Mathias Furevik  
Jan Egil Furunes  
Knut Martin Fylkesnes  
Karen Førland  
Paul Kåre Gjuvsland  
Lars Gjøstein  
Endre Grutle  
Solveig Grønljen  
Kåre Grønsnes  
Oddlaug S. Hansen  
Stanley Hauge  
Oddbjørn Haugen  
Torbjørn Haukås  
Jorunn Havro  
Svein Heggheim  
Bjarte Helle  
Arnfinn Hellevang  
Aslak T. Helleve  
Knut Johannes Helvik  
Linn Hjartnes Henjum  
Kåre Herfindal  
Kjartan Hernes  
Sjur Herre  
Olrun Hild Hillestad  
Marit Hjartåker  
Grete Oline Hole  
Ingunn Holmedal  
Karl Johan Holmås  
Arnfinn Hopland  
Signe Hoprekstad  
Elin Hordvik  
Ingvild Hovland  
Elisabeth Hummelsund  
Bjørn Husefest  
Daniel Hydle  
Per Jørgen Høye  
Johanne Telnes Instanes  
Geir Instanes  
Jan Kåre Jakobsen  
Else Jerdal  
Sniolvur Joanesarson  
Aslaug Garnes Johnsen  
Egil Jøsendal  
Ingvild Jøsendal  
Randi Jåstad  
Marit Klette  
Norvald Kobbeltvedt  
Ståle Kolbeinson  
Ingebjørg Kråkevik

Trygve Kråkevik  
 Olaug Kråkevik  
 Gina Kyvik  
 Åsta Kårevik  
 Ane Landøy  
 Torfinn Langelid  
 Knut Langesæter  
 Per-Arne Hvidsten Larsen  
 Jon Larsgard  
 Caroline Lehmann  
 Marit Schmidt Lie  
 Åsmund Lien  
 Torgrim Ljones  
 Anstein Lohndal  
 Kari Bolette K. Lundal  
 Marit Merete Lunde  
 Einar Lygre  
 Torun Lyssand  
 Torstein Løning  
 Frode Mannsåker  
 Solveig H. Michelsen  
 Anne Marie Midtbø  
 Leif Bjørn Monsen  
 Svanhild Monstad  
 Marit Mulelid  
 Bjørn Myhren  
 Jostein Mykletun  
 Einar Myster  
 Nils Mæhle  
 Sigfrid Rogne Naasen  
 Marit Nedreli  
 Gunnvor Ness  
 Arne Olav Nilsen  
 Ingeborg Nilsen  
 Ingvar Nistad  
 Øyvind Nitter  
 Øyvind Per Norang  
 Helge Martin Nygård  
 Jorunn Odland  
 Ivar K. Olde  
 Odd Jørjan Oldervik  
 Solvor Aadland Olsnes  
 Agnar Omvik  
 Åse Opheim  
 Anfinn Otterå  
 Olai Otterå  
 Kjell Paulsen  
 Johnny Ottar Pedersen  
 Åsgeir Kjetland Rabben  
 Svein Ove Ramsdal  
 Trygve Refsdal  
 Rannveig Reigstad  
 Astrid Oddbjørg Reigstad  
 Berit Reinsaas  
 Borgny Reisæter  
 Kjetil Revheim  
 Lars Riise  
 Håvard Romarheim  
 Gudrun Rosseland  
 Margretha Rønning  
 Knut Rørvik  
 Håkon Sagen  
 Arvid Sakseide  
 Mette Samdal  
 Lars K. Sandven  
 Helge Sandøy  
 Emilio Sanhueza  
 Jennifer Marie Dos Santos  
 Heidi Seifaldet  
 Torbjørn Seim  
 Mons Ole Dyvik Sellevold  
 Bjarne Skarestad  
 Olav Johannes Skeie  
 Arne Skjerven  
 Bjarne Skjold  
 Arnlaug Skjæveland  
 Harald Skorpen  
 Oddvar Skre  
 Harry Solberg  
 Asbjørn Solberg  
 Ragnhild Edith Solvang  
 Halldis Spilde  
 Ingebjørg Stana  
 Idar Stegane  
 Karen Steinsletten  
 Arjen L H Stolk  
 Aasmund Storebø

Gerhard Inge Storebø  
 Nelly Storebø  
 Ragnhild Storebø  
 Thea Sunde  
 Rolf Sigmund Sunde  
 Målfrid Sundvor  
 Åshild Sveinsjerd  
 Kurt Svensson  
 Christer Syltøy  
 Lars Børge Sæberg  
 Ingebjørg Dønhaug Sæbø  
 Anne Sæland  
 Leif Helge Særsten  
 Arne Søyland  
 Johannes Teigland  
 Knut J. Tokheim  
 Svanhild Toppe  
 Johan Torekoven  
 Kjell Torp  
 Torgeir Torvik  
 Siv Trædal  
 Harry Tunestveit  
 Odd Tøndel  
 Tora Tønder  
 Bjørg Tøsdal  
 Harald Ulland  
 Oddbjørg Ulveseth  
 Brynhild Utne  
 Egil Vaage  
 Terje Gerhard Valen  
 Brit Valland  
 Anna K. Valle  
 Rigmor Nesheim Vaular  
 Anders T Veland  
 Aslaug Veland  
 Amund Velure  
 Randi Vengen  
 Leiv Vetås  
 Jon O. Vevle  
 Trond Vikane  
 Aud Liv Hole Vike  
 Inger B. Vikoren  
 Ingebjørg Viste  
 Liv Astrid Økland  
 Samson L Øpstad  
 Nils Ivar Østerbø  
 Ingebjørg Bosch Øvergard  
 Signy Øydvin  
 Einar Øyre  
 Marit Åkre  
 Magne Århus  
**KARMSUND MÅLLAG**  
 Steinar Aalvik  
 Arild Bjordal  
 Asbjørn Djuv  
 Anne-Ma Eidhammer  
 Lars Eikehaugen  
 Siri Eikemo  
 Dorthea Sofie Erøy  
 Ole-Bjarte Fatland  
 Grete Fedøy  
 Jørund Flestrand  
 Ivar Arvid Gismarkvik  
 Trygve Handeland  
 Anbjørn Haugland  
 Magne Haugsgjerd  
 Elling Hetland  
 Torill Borge Horneland  
 Olav Torfinn Jondahl  
 Signe Lønning  
 Leiv Karsten Medhaug  
 Asbjørn Miljeteig  
 Lars Mo  
 Jorid Myrset  
 Agnar Ståle Naustdal  
 Lars Gunnar Oma  
 Harald Orvedal  
 Gunlaug Pedersen  
 Marit Pedersen  
 Borghild Sævereide Prestegård  
 Helga Reinertsen  
 Åse-Berit Rolland  
 Trygve Sandvik  
 Knut Selsaas  
 Njål Steinsland  
 Ernst Arne Sælevik

Lars Sævereide  
 Jon Olav Tesdal  
 Maria Thorsen  
 Kjell Tveit  
 Ingolv Vevatne  
 Yngve Øvstadel  
**NORDLAND MÅLLAG**  
 Kåre Belsheim  
 Kåre Fuglseth  
 Tore Moen  
 Berit Oksfjellelv  
**NORDMØRE MÅLLAG**  
 Aksel Aarflot  
 Magnar Almberg  
 Olav Bergheim  
 Styrkår Brørs  
 Lars Opdøl Flatvad  
 Ruth Fluge  
 Wenke Greve  
 Sverre Hatle  
 Johan Sigmund Heggem  
 Sigrunn Helset  
 Marit Hoel  
 Kari Sigrid Roset Holten  
 Miriam Finset Ingvaldsen  
 Tove Mogstad  
 Finn Gunnar Oldervik  
 Henry Opland  
 Ingrid Rød  
 Alf Erling Skar  
 Rolv Sæter  
 Eirik S. Todal  
 Elen Maria Todal  
 Per Utne  
**ROGALAND MÅLLAG**  
 Oddveig Kirsten Aam  
 Gunvor Aardal  
 Gunnleiv Aareskjold  
 Sigmund Andersen  
 Asbjørn Ask  
 Andreas Auestad  
 Johannes Bakka  
 Ola Birkeland  
 Bjørg Bjelland  
 Ingebrigt Botnen  
 Geir Sverre Braut  
 Arne Braut  
 Marit Kyllingstad Bråten  
 Kirsten Marie Bue  
 Jan Inge Buene  
 Jan Egil Byberg  
 Alf Jan Bysheim  
 Gerd Helen Bø  
 Ellen Einervoll  
 Lars Farkas  
 Terje Fatland  
 Åse-Berit Fidjeland  
 Ingrid Fiskaa  
 Solveig Moe Fisketjøn  
 Ingrid Gjesdal  
 Endre Gjil  
 Rune Gramstad  
 Sigve Gramstad  
 Tord Anton Haaland  
 Inger Størseth Haarr  
 Per Gunnar Haarr  
 Fartein Haga  
 Kari Ingfrid Hatteland  
 Lidvor Hatteland  
 Inge Haugland  
 Arne Haugvaldstad  
 Sverre Haver  
 Halvard Helseth  
 Tom Hetland  
 Rasmus Hidle  
 Liv Hobberstad  
 Jane Valaker Høgalmen  
 Arna Høyland  
 Terje Håland  
 Marit Iversflaten  
 Anne Martha Kalhovde  
 Magnar Kartveit  
 Anne Margrethe Kolnes  
 Tore O. Koppang

Nils Ingvar Korsvoll  
 Olav Kvernenes  
 Reidar Kydland  
 Hallgeir Langeland  
 Roald Lomeland  
 Knut Georg Nilsen  
 Lise Lunde Nilsen  
 Knut Norddal  
 Målfrid Lunde Norheim  
 Bergljot Nøkling  
 Kjellaug Sølyberg Oftedal  
 Ingvar Olimstad  
 Leiv Olsen  
 Inger Skretting Opstad  
 Åshild Osaland  
 Marit Osland  
 Gunvor Risa  
 Torleiv Robberstad  
 Audun Rosland  
 Magne A. Roth  
 Atle Røe  
 Torhild L. Rørheim  
 Astrid Råsberg  
 Rolf Salte  
 Jostein Selvåg  
 Ingeborg N Skjærpe  
 Hanna Småmo  
 Målfrid Snørteland  
 Tom Soma  
 Hans Spilde  
 Jon Stangeland  
 Marit Rommetveit Staveland  
 Audun Steinnes  
 Gaute Steinnes  
 Inga Stokka  
 Olav O. Sukka  
 Odd Sigmund Sunnanå  
 Brit Harstad Sværen  
 Stein Kåreson Søyland  
 Tora-Liv Thorsen  
 Oddrun Tjeltveit  
 Kåre Torvanger  
 Kurt Tunheim  
 Aslaug Marie Undheim  
 Kjellaug Undheim  
 Jone Vadla  
 Ottar Vandvik  
 Sigbjørn Varhaug  
 Arve Vedvik  
 Audun Vevatne  
 Klara Vik  
 Reidar Vik  
 Ketil Volden  
 Halvar Volden  
 Odd Bjarte Åbø

**ROMSDAL MÅLLAG**  
 Ingar Aas  
 Henning Austigard  
 Dagrun Gjelsvik Austigard  
 Asbjørn Baldersheim  
 Harald Baldersheim  
 Annlaug Berge  
 Oddny Eikebø  
 Torhild Hanem  
 Inga Guri Hestad  
 Kåre Magne Holsbøvåg  
 Gerd Åshild Håseth  
 Arnhold Digrernes Krøvel  
 Einar M Langset  
 Heidi Løklingholm  
 Jonn Jofred Nordbø  
 Gunnhild Austlid Oppigard  
 Karen Os  
 Inge Rydpdal  
 Alf Rønstad  
 Marit Sandvik  
 Oddmund Svarteborg  
 Kathrin Villa  
 Ann Tove Visnes  
 Roald Øygard

**SOGN OG FJORDANE MÅLLAG**  
 Astrid Terese Aam  
 Magne Peder Svein Aardal  
 Vemund Aartun

Lise Aasen  
 Georg Arnestad  
 Torill Berge  
 Bente Kvernevik Berstad  
 Kjellaug Bjergene  
 Saxe Bjørkedal  
 Ole Georg Blikås  
 Toril Bruvik  
 Ole Reinhart Bugjerde  
 Gunhild Børtnes  
 Gyda Bøtun  
 Jakob Devik  
 Nils Distad  
 Tor W. Eikemo  
 Gjertrud Eikevik  
 Elbjørg Stegane Engebø  
 Hans Engesæt  
 Dag-Erik Eriksmoen  
 Ståle Fitje  
 Johannes Flaten  
 Inger Eikelund Flåten  
 Sverre N. Folkestad  
 Kjellrun Fossdal  
 Jan Martin Frislid  
 Rigmor Frøyen  
 Siri Bente Fuhr  
 Ottar Færøyyvik  
 Asbjørn Geithus  
 Håkon Giil  
 Oddvar Gjelsvik  
 Magnhild Gravdal  
 Dagfrid Grepstad  
 Olav Grov  
 Ivar Halland  
 Oddlaug Hammer  
 Audun Hammer  
 Connie Hamre  
 Margit Hovland Hamre  
 Hans Haugen  
 Oddstein Haugen  
 Ivar S. Haugland  
 Bjarne Havo  
 Jon Heggheim  
 Helga Hjetland  
 Olaug Elisabeth Sætrum Holt  
 Ragnar Hove  
 Bjørg G. Hovland  
 Nils Husabø  
 Målfrid Husnes  
 Knut Andreas Hågvar  
 Sverre Indrehus  
 Bjarne Kaarstad  
 Ingunn Kandal  
 Odd Kinden  
 Lars Kjøde  
 Ola Kjørstad  
 Kari Klingenberg  
 Hildegunn Kvistad  
 Liv Janne Kvåle  
 Bjørg Ladehaug  
 Øystein Lavik  
 Jorunn Loftesnes  
 Jon Ove Lomheim  
 Hjalmar Lothe  
 Rune Lotsberg  
 Knuthild Lunde  
 Sigrunn Lundestad  
 Håkon Lundestad  
 Svein Lundevall  
 Vidar Lægreid  
 Steinar Dahl Lægreid  
 Terje Erik Moe  
 Knut Moen  
 Maryan Georgsdotter Mundal  
 Helge Rasmus Myklebust  
 Ove Myklebust  
 Knut Ole Myren  
 Olav Nedrebø  
 Julie Kristine Ness  
 Britt Nikøy  
 Astrid Marie Nistad  
 Odd Njøs  
 Brynhild Kåra Lund Notøy  
 Stein Bugge Næss  
 Per Scott Olsen  
 Andreas Ramstad  
 Oddbjørn Ramstad

Jon Atle Ravnestad  
 Annette Refsdal  
 Sæmund Kjetil Rindal  
 Henning Leiv Rivedal  
 Erna Romøren  
 Svein Rotevatn  
 Asbjørn Ruttedal  
 Bergljot Konglevoll Rysjedal  
 Signe Marie Rønneklev  
 Bjørn Rørteit  
 Steinar Røyrvik  
 Audun Åge Røys  
 Magnhild Sagosen  
 Inger Marie Sande  
 Margot Sande  
 Laila Hov Sandnes  
 Marta Kari Schawlann  
 Bjarte Sindre  
 Anders Skarestad  
 Einar Skeie  
 Jon Skjeldestad  
 Signe Skjeldestad  
 Kirsti Solheim Stegane  
 Irene Stokker  
 Ida Marie Strand  
 Geir Liavåg Strand  
 Magn Jarl Stubhaug  
 Sigrid Svartefoss  
 Gunnhild Systad  
 Jorunn Systad  
 Jakob Thingnes  
 Ingrid Thy  
 Solrun Ulland  
 Erik Ivar Ulvedal  
 Jorunn Veseth  
 Jens Vestheim  
 Øystein Vikesland  
 Lars Øyvind Vikesland  
 Oddhild A. Voll  
 Ottar Wiik  
 Odny Brekke Ølmheim  
 Liv Østrem  
 Magni Ørebotten  
 Kåre Øvregard  
 Inger Merete Øygard  
 Vidar Åm

**SUNNMØRE MÅLLAG**

Inger Aarflot  
 Ottar Aashamar  
 Kristian Almås  
 Margrethe Bjørkavåg Bakke  
 Berit Bjørlo  
 Ingval Bortne  
 Bente Johanne Iversen Breivik  
 Ole Arild Bø  
 Siv Dimmen  
 Norunn Margrethe Dimmen  
 Jarle Dyb  
 Marit Veiberg Eide  
 Liv Eikrem  
 Lindis Eliassen  
 Knut Falk  
 Ann Britt Våde Fannemel  
 Aud Farstad  
 Jostein G Farstad  
 Jostein Fet  
 Anders Jan Folkestad  
 Petra Folkestadås  
 Magnar Furset  
 Andre Gjerde  
 Kåre Gjersdal  
 Tore Gjære  
 Arne G. Grimstad  
 Asbjørn Hatlehol  
 Svanhild Vestre Hauge  
 Jorunn H. Henriksen  
 Ingunn Synnøve Hole Hunnes  
 Reidun Hunnes  
 Astri Hunnes  
 Kristin F. Husøy  
 Lars Innvik  
 Astrid Kibsgaard  
 Jørund Kile  
 Jakob O. Kjersem  
 Terje Kjøde  
 Synnøve Knotten

Einar Landmark  
 Bergliot Riste Langva  
 Eli Lannerholm  
 Bergfrid Færøyvik Lindøy  
 Svein Linge  
 Hallstein Ljoså  
 Rune Einarsson Løndal  
 Anne Jorunn Dalseth Moe  
 Trine Naadland  
 Roger Nedreklep  
 Kjartan Oksavik  
 Lars Omenås  
 Bjørnar Osnes  
 Britt Oterholm  
 Vidar Parr  
 Lillian Ramnefjell  
 Karl Ramstad  
 Anders Rebbestad  
 Oddbjørg Remøy  
 Torill Haddal Remøy  
 Anders Riise  
 Torleiv Rogne  
 Greg Rotevatn  
 Gunder Runde  
 Olga Støylen Runde  
 Lena Landsverk Sande  
 Mariann Schjeide  
 Else Synnøve Skarbø  
 Tone Skorgenes  
 Sidsel Skorpen  
 Sindre Skurtveit  
 Nina Kvamme Slettestøl  
 Kjartan Snipsøy  
 Jarle Solheim  
 Ola L. Steinsvik  
 Harald Sunde  
 Ingrun Sørås  
 Per Svein Tandstad  
 Asbjørn Tryggstad  
 Randi Flem Ulvestad  
 Lars Martin Vik  
 Eldrid Vik  
 Jan Håkon Vikane  
 Sveinung Walseth  
 Inger Olaug Øye Walseth  
 Fredmøy Solny Wollen  
 Knut Ytterdal  
 Idun Schawlann Ølnes

**TELEMARK MÅLLAG**

Dag Aanderaa  
 Dyrsku'n Arrangement AS  
 Helga Marie Asland  
 Lars Bjaadal  
 Halgeir Brekke  
 Tjøstov Gunne Djuve  
 Olav Rune Djuve  
 Gunhild T Dølen  
 Per Engene  
 Olav Felland  
 Gunlaug Fjellstad  
 Jon Funner  
 Hans Magne Gautefall  
 Gunhild Gravir  
 Torgeir Grimstveit  
 Asbjørn Nes Hansen  
 Kristian Ihle Hanto  
 Knut T. Haugen  
 Alice Jeanne Haukelidsæter  
 Ragnhild Hovda  
 Hallgrim Høydal  
 Halvard Jansen  
 Bjarne Jordstøyl  
 Bente Klokkehaug  
 Tove Kvaale  
 Tove Løyland  
